

Melding HO-2/2002 DESEMBER 2002	Driftsbygningar i landbruket Temarettleiring  TEK / SAK
	<u>Innleiing</u> <u>Kapittel 1 Kva gjeld for driftsbygningar?</u> <u>Kapittel 2 Plan- og bygningslova</u> <u>Kapittel 3 Saksbehandling</u> <u>Kapittel 4 Teknisk forskrift (TEK)</u> <u>Kapittel 5 Andre lover og forskrifter</u> <u>Anna informasjon</u> <u>Innhold vedlegg</u>

Innleiing

Utgåve 3 2002

Informasjon om kva for forskrifter gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova som er aktuelle i samband med driftsbygningars i landbruket, vart første gong gjeve ut i form av ei temaveiledning i 1988 (Melding HO-5/88). Som følgje av store endringar i byggjesaksreglane i 1995 - 97 var det nødvendig å gje ut ei ny temaveiledning i 1998 (melding HO-6/98).

Etter kvart har vi erfart at det er oppstått behov for å gje ut ei ny revidert temarettleiring. Det har m.a. vore behov for å gje den ei meir brukarvennleg form og rette opp ein del upresise formuleringar samt mindre feil. I tillegg er det sist i heftet teke inn eit døme på korleis melding om oppføring av ein driftsbygning skal utformast.

Denne reviderte utgåva erstattar HO-6/98 Driftsbygninger i landbruket.

Etter den tidlegare bygningslova av 1965 gjaldt ikkje reglane om byggjeløyve for

drifts-bygningar i landbruket, og slike bygningar kom ikkje inn under forskriftene i lova i andre høve enn der det var fastsett i vedtekt. For å sikre at plan- og bygningslovgjevinga vart etterlevd, hadde ein høve til å gje vedtekter om meldeplikt også for slike bygg. Ikkje alle kommunar hadde slike vedtekter, og rettstilstanden var dermed også ulik frå kommune til kommune.

Etter plan- og bygningslova av 1985 vart reglane for driftsbygningar gjorde like over heile landet og underlagde dei einskilde forskriftene i lova «så langt de passer». Dette gjaldt og forskrifter gjeve i medhald av plan- og bygningslova (tekniske forskrifter). Det vart ikkje kravd byggjeløyve dersom det vart sendt melding til kommunen.

Det kunne vere uklart kva for nokre av forskriftene i bygningslovgjevinga som passa og Statens bygningstekniske etat utarbeidde ei særskild melding (HO-5/88). I denne meldinga vart det gjort nærmere greie for korleis plan- og bygningslovgjevinga skulle gjerast gjeldande i samband med oppføring av driftsbygningar.

Ved lov av 5. mai 1995 vedtok Stortinget fleire endringar i plan- og bygningslova. Bakgrunnen for endringane var i hovudsak eit ønskje om å finne fram til reglar som effektivt kunne medverke til at kvaliteten på dei byggverka som vart reiste var god.

Ei viktig endring ved revisjonen var endringar i § 93, som gjorde at fleire byggjetiltak vart søknadspliktige. Rettstilstanden for driftsbygningar i landbruket er som før: Det er ikkje krav om løyve dersom det vert sendt melding til kommunen.

Denne temarettleiinga tek omsyn til reglane for byggesaksbehandling og krava i teknisk forskrift som gjeld driftsbygningar.

Temarettleiinga er utarbeidd i samarbeid med Institutt for tekniske fag ved Norges Landbrukskole.

Rettleiinga vert distribuert til alle kommunar i landet, alle fylkesmenn og ei lang rad organisasjonar i landbruket. Norsk Byggtjeneste forlag vil og gjere rettleiinga tilgjengeleg gjennom bokhandlarane.

Kapittel 1 Kva gjeld for driftsbygningar?

Driftsbygningar i landbruket (§ 81)

§ 81 i plan- og bygningslova lyder:

*«For oppføring av ny driftsbygning i landbruket og for endring og reparasjon av bestående driftsbygning gjelder bestemmelsene i loven så langt de passer.
Bestemmelsene i § 65 annet, tredje og fjerde ledd, § 66 nr. 1 og nr. 2 annet og tredje ledd gjelder ikke. Departementet kan gi forskrift om at også andre bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven ikke skal gjelde, og om det saklige virkeområde for bestemmelsene i paragrafen her.»*

Tiltaket trenger ikke tillatelse etter § 93 dersom det er sendt melding til kommunen om tiltaket og om at dette vil utført i samsvar med de bestemmelser som er gitt i eller i medhold av paragrafen her. Meldingen skal være skriftlig og gi opplysninger om de planer som er lagt til grunn for arbeidet. Det skal videre fremgå av meldingen at naboer og gjenboere er varslet om arbeidet, jf. § 94 nr. 3, som får tilsvarende anvendelse. Tiltaket kan utføres 3 uker etter at meldingen var mottatt av kommunen. Når særlige grunner foreligger, kan kommunen forlenge fristen med ytterligere 3 uker.

For tiltak som utføres i samsvar med reglene i første og annet ledd gjelder ikke lovens kap. XVI med unntak av § 93a. Kommunen kan gi de pålegg som finnes nødvendige for å få tiltaket forsvarlig utført. Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at melding er sendt kommunen eller tiltaket innstilles for lengre tid enn 2 år, gjelder bestemmelsen i § 96 tilsvarende.

Departementet kan ved forskrift gi nærmere bestemmelser om innholdet av melding som nevnt i annet ledd og om bygnings- og branntekniske krav.

Bestemmelsene i denne paragraf gjelder også husvær for seterbruk eller skogdrift.»

Lovparagrafen er endra ved lover av 20. juni 1986 nr. 37, 11. juni 1993 nr. 85 og 5. mai 1995 nr. 20.

I forslag til endringar i plan- og bygningslova (Ot.prp. nr. 112 for 2001 - 2002) er det foreslått ei endring av paragrafen. Forslaget til endra § 81 lyder:

«For oppføring av ny driftsbygning i landbruket og for endring og reparasjon av bestående driftsbygning gjelder bestemmelsene i loven her så langt de passer. Bestemmelsene i § 65 annet, tredje og fjerde ledd, § 66 nr. 1 og nr. 2 annet og tredje ledd gjelder ikke. Departementet kan gi forskrift om at også andre bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven ikke skal gjelde, og om det saklige virkeområde for bestemmelsene i paragrafen her.

Tiltaket trenger ikke tillatelse etter § 93 dersom det er sendt melding til kommunen om tiltaket og om at dette vil utført i samsvar med de bestemmelser som er gitt i eller i medhold av paragrafen her. Meldingen skal være skriftlig og gi opplysninger om de planer som er lagt til grunn for arbeidet.

Før melding sendes inn, skal naboer og gjenboere varsles hvis ikke disse skriftlig har sagt fra at de ikke har noe å bemerke. I varslet skal ges melding om at mulige merknader må være kommet til kommunen innen 2 uker etter at varslet er sendt og grunnlagsmaterialet for meldingen er gjort tilgjengelig. Oppgave over vedkommende eiendommer og deres eiere eller festere skal ges i meldingen. Med meldingen skal følge gjenparten av varselbrevene og kvittering for at brevene er sendt. Reglene i § 94 nr. 3 annet til femte ledd får tilsvarende anvendelse.

Tiltaket kan utføres 3 uker etter at meldingen ble mottatt av kommunen. Når særlige grunner foreligger kan kommunen forlenge fristen med ytterligere 3 uker.

For tiltak som utføres i samsvar med reglene i første og annet ledd gjelder ikke lovens kap. XVI med unntak av § 93a. Kommunen kan gi de pålegg som finnes nødvendige for å få tiltaket forsvarlig utført. Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at

melding er sendt kommunen eller tiltaket innstilles for lengre tid enn 2 år, gjelder bestemmelsene i § 96 tilsvarende.

Departementet kan ved forskrift gi nærmere bestemmelser om innholdet av melding som nevnt i annet ledd og om bygnings- og branntekniske krav.

Bestemmelsene i denne paragraf gjelder også husvær for seterbruk eller skogdrift.»

Forskrifter gjeve i medhold av plan- og bygningslova

Følgjande forskrifter gjeve i medhald av plan- og bygningslova er relevante ved oppføring av driftsbygning:

- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK) av 22. januar 1997 nr. 33 og endra seinast 29. august 2001.
- Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker (SAK) av 22. januar 1997 nr. 34 og endra seinast 29. august 2001. Ny forskrift om saksbehandling og kontroll er planlagt vedteke i 2003.
- Forskrift om konsekvensutredninger etter plan- og bygningslovens kapittel VII-a av 13. desember 1996 nr. 1145.

Kva for lovreglar gjeld for driftsbygningar i landbruket?

Etter § 81 gjeld forskriftene i plan- og bygningslova «så langt de passer», bortsett frå dei det er gjort unntak frå i § 81 første og tredje ledd. Det inneber at reglane må brukast etter sitt formål og med sunn fornuft. Reglar som openberty ikkje har nokon nødvendig eller fornuftig funksjon i samband med driftsbygningar, skal ein ikkje ta omsyn til.

At det ikkje er klart markert kva for reglar i lova og forskriftene som skal gjelde, kan gjere lovverket vanskeleg å bruke for kommunale byggesaksbehandlarar, planleggjarar og andre. Denne rettleiinga er utarbeidd for å klargjere desse forholda.

For bygningar som skal nyttast til husvære i samband med seterdrift eller skogsdrift, gjeld dei same forskriftene som for fritidsbustader (sjå TEK § 1-2). Dvs. at for desse gjeld berre kapittel I til VII, §§ 8-1, 8-23, 8-5, 8-52 tredje ledd, 9-2 første og andre ledd, 9-22, 9-5, 9-52 og kapittel XI i forskrifta.

Kva vert rekna som «driftsbygning»?

Med «driftsbygning» er det meint ein bygning som er eit nødvendig ledd i, og eit driftsmiddel i samband med ei tenleg landbruksdrift på ei brukseining. Omgrepet «driftsbygning» i § 81 omfattar driftsbygningar for jordbruk, husdyrbruk, skogsdrift, hagebruk, gartneri og pelsdyravl, så framt det er ein del av landbruksdrifta.

Bygning dimensjonert for busetnad, «våningshus», i landbruket, er ikkje å sjå på som som driftsbygning og kjem sjølvsagt inn under dei vanlege reglane som gjeld for bustadhus.

Hageveksthus, siloar og landbruksverkstad vert omfatta dersom dei vert brukt som del av landbruksdrifta.

Husvære i samband med seterbruk eller skogsdrift kjem inn under omgrepene «driftsbygning», jf. § 81 femte ledd.

Dersom bygningen har samanheng med den produksjonen som går føre seg på garden, eller det behovet garden har for varer og tenester, skal bygningen klassifiserast som «driftsbygning». Eit potepakkeri fell inn under denne kategorien så lenge det vert pakka poteter frå eigen produksjon.

Bygningar for fabrikkmessig produksjon og sal fell utanfor omgrepene «driftsbygning».

Vidare fell bygningar for vidareforedling av jordbruksprodukt utanfor. Eit døme på det er eit potepakkeri som tek imot poteter frå mange produsentar. Så lenge varene vert henta utanfrå speler det inga rolle om anlegget er på eit tradisjonelt gardsbruk. For slike bygningar gjeld lova med underliggjande regelverk fullt ut. Salslokale for plantar, blomster, tre osv. vert ikkje rekna som «driftsbygning». Ein bygning for oppstalling av ridehestar kan verte oppfatta som «driftsbygning», men ikkje ein rein ridehall.

Bygningen må ikkje vere tenkt nytta som bustadhus eller fritidsbustad.

Siloar o.l. i landbruket vert rekna som «driftsbygning». Også garasje for lagring av landbruksmaskiner må reknast som «driftsbygning», men dette føreset at det er maskiner som er i bruk i samband med gardsdrifta, som vert lagra der. Dersom bygningen berre har til formål å lagre maskiner for sal, opplag e.l., kan nemninga «driftsbygning» ikkje brukast. Frittliggjande garasje for privatbilar eller andre køyretøy kjem heller ikkje inn under omgrepene «driftsbygning».

Rom eller delar av ein bygning som ikkje fell inn under nemninga «driftsbygning i landbruket», skal behandlast etter dei reglane som gjeld for den aktuelle funksjonen.

Det kan ofte vere vanskeleg å fastslå kvar grensa går mellom landbruk og fabrikkmessig produksjon. Dette må avgjerast etter ei konkret vurdering i kvar einskild sak, der ein mellom anna tek omsyn til bruken av og storleiken på bygningen, omfanget av produksjonen og kva ulemper produksjonen fører med seg i form av lukt, støy o.a. Denne vurderinga må gjerast av dei lokale bygningsstyresmaktene, og av fylkesmennene ved ei eventuell klagehandsaming.

Kapittel 2 Plan- og bygningslova

I dette kapitlet reknar vi opp dei forskriftene i plan- og bygningslova (tbl.) som skal gjerast gjeldande i samband med «driftsbygningar».


Avgjerdssorgan i byggjesaker, planlegging, ekspropriasjon o.a. (kap. I-XI)

Kap. I til XI i plan- og bygningslova inneheld forskrifter om avgjerdssorgan, planlegging, ekspropriasjon, deling og saksbehandling i samband med byggjesaker, og forskriftene gjeld i den grad dei får verknader for landbrukseigedommar.

Reglane som gjeld for driftsbygningar, er like for heile landet. Etter plan- og bygningslova § 3 andre ledd er det ikkje heimel for å gje kommunale vedtekter som gjer endringar i forskrifter som er gjeve i eller i medhald av § 81. Dermed vert det halde oppe eit einskapleg regelverk med minimumskrav i samband med oppføring av driftsbygningar.

Etter plan- og bygningslova § 10-1 pliktar kommunen å føre tilsyn med at plan- og bygnings-lovgjevinga vert etterlevd i kommunen.

Reglane om planlegging gjeld her som elles.



Etter § 20-4 første ledd nr. 2 er «landbruks-, natur- og friluftsområder» eit eige formål i arealdelen av kommuneplanen. § 20-4 andre ledd opnar for utfyllande forskrifter til planen.

Etter § 25 første ledd nr. 2 er «landbruksområder, herunder områder for jord- og skogbruk, reindrift og gartnerier» eit eige reguleringsformål. Landbruksområda skal altså vere med i reguleringsplanar som regulerer utnytting og vern av grunn til mellom anna landbruksformål. Vidare er det i § 26 gjeve heimel for nærmere planreglar.

Kommune- og reguleringsplanar er viktige styringsinstrument for styresmaktene, mellom anna for å sikre areal for landbruk. Jf. òg det høvet private har til å fremje private forslag om regulering etter § 30.

Ein reguleringsplan gjev heimel for ekspropriasjon (§ 35). Etter § 35 nr. 5 gjev ikkje paragrafen heimel for ekspropriasjon av landbruksområde etter § 25 nr. 2. I slike område må ein eventuell ekspropriasjon byggje på ein annan heimel.

Både arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanen er direkte bindande for mellom anna tiltak som er nemnde i § 81 (driftsbygningar i landbruket), jf. §§ 20-6 og 31.

Konsekvensutgreiingar (kap. VII-a)

Reglane om konsekvensutgreiingar har vore igjennom vesentlege endringar. Formålet med regelverket er å sikre at ein ved planlegginga av, og i samband med avgjersler om tiltaket, tek omsyn til verknader av tiltaket som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Til plan- og bygningslova er det gjeve nye utfyllande forskrifter om konsekvensutgreiing.

Byggjetomta (kap. XII)

Kravet i plan- og bygningslova § 65 første ledd om vassforsyning gjeld. For driftsbygningar i landbruket er det gjort unntak frå § 65 andre, tredje og fjerde ledd, som gjeld plikta til å knyte seg til offentlege vass- og avlaupsleidningar. Vidare er det gjort unntak for § 66 nr. 2 andre og tredje ledd.

Dessutan gjeld *lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)* og forskrifter gjeve i medhald av denne lova om oppbevaring og bruk av husdyrgjødsel, om surförlager, om eventuelt halmlutingsanlegg og om større bakkeplanering. Sjå meir om dette i kapittel 5 i denne rettleiinga.

Vidare er det gjort unntak for § 66 nr. 1 om krav til godkjent vegsamband som vilkår for at det kan byggjast på ein eide dom. Eventuelle krav etter *vegløva* i samband med tilkomst til eide domen vil likevel gjelde, likeins dei krava til avstandar som er sette i *vegløva*.

I somme strøk kan det av ulike grunnar vere behov for å gjere dei ovannemnde krava gjeldande. I regulert strøk og i område med utbyggingsplan (jf. § 67 nr. 1), eller i område som i arealdelen av kommuneplanen er sett av til utbygging (jf. § 67 nr. 2), kan dei nemnde tilknytingskrava - etter behov vurderte og fastlagde i kvar einskild plan - gjennomførast også for driftsbygningar. Det kan til dømes vere landbrukseigedomar som er gjorde til utbyggingsområde og er vorte liggjande inne i eit bymessig strøk.

§ 68 om deling eller utbygging skal sikre at det berre vert bygd på ein eide dom «dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold». Det vil seie at eide domen der driftsbygningen vert oppført, må vere tilstrekkeleg sikra mot ras, flaum o.a.

§ 69 tek føre seg utnyttinga av tomta og fellesareal. Ved utforming av gardstun og plassering av nye bygningar bør ein prøve å skilje leike- og opphaldsareal for borna frå både ekstern og intern trafikk. § 69 bør positivt nyttast til å lage gode tun.

§§ 78 og 79 om «plassering av bedrifter og anlegg m.v. innenfor kommunen» og om «uvanlig bebyggelse» gjev òg heimel for å hindre uønskt oppføring av bygningar. § 78 inneheld heimel for å kunne nekte oppføring av ein landbruksbygning (t.d. til pelsdyrdrift) sjenerande nær andre bygningar e.l.

Plassering og utforming av bygningen (kap. XIII)

Plassering av bygningen, høgd og avstand fra nabogrense (§ 70)


Dei generelle reglane om avstand i § 70 nr. 2 gjeld også for landbruksbygningar.

Ein reknar likevel med at regelen i nr. 1 om at «bygning med gesimshøyde over 8 m og mønehøyde over 9 m kan bare føres opp hvor det har hjemmel» i bindande arealplan, ikkje passar å nytte for driftsbygningar. Reguleringsplan ligg oftast ikkje føre, og i dei fleste tilfelle vil låvar og silotårn sprengje ei slik ramme.

Derimot skal kommunen godkjenne høgda av bygningen og plasseringa på tomta. Kommunen må her gjere ei skjønnsmessig vurdering av kvar bygningen bør plasserast, og kor høg bygningen bør vere, innanfor dei grensene som elles følgjer av plan- og bygningslova og bindande planreglar.

Vurderinga skal gjerast ut frå kva funksjon driftsbygningen skal ha, kva som eksisterer i grannelaget, og korleis bygningen er tilpassa landskapet. Fordi driftsbygningar for husdyrbruk ofte kan føre til monaleg ulempe for grannelaget på grunn av støy, lukt og anna ureining, må kommunen i større grad enn i dei fleste andre byggjesaker nytte den retten ein har etter § 70 til å bestemme at bygningen skal plasserast i større avstand frå ei nabogrense enn den vanlege firemetersgrensa. Nokre krav til avstand er førte opp i *forskrift om husdyrgjødsel* § 9, sjå kapittel 5 i denne rettleiinga.

Kommunen skal òg sjå til at reglane i *veglova* om byggjegrense og fri sikt vert følgde.



Plassering og utforming på garden («Bygninger på gårdsbruk», Landbruksforlaget 1999)

Utsjånad (§ 74)

Den såkalla «skjønnhetssparagrafen» i § 74 nr. 2 er endra og stiller no klart strengare estetiske krav enn det som var praktisert av bygningsstyresmaktene tidlegare. Ved lovbehandlinga i Stortinget i 1995 føydde ein til § 74 nr. 2 mellom anna denne setninga: «Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser.»

Dette har sjølv sagt relevans for landbruksbygningar òg. Dei utgjer viktige visuelle element i landskapet, og ein bør sikre at dei får ei god utforming. Det gjeld plassering og form, som bør passe til dei omliggjande landskapsformasjonane og tunet som ytre rom, og det gjeld sjølve utsjånaden av bygningane. Men ein må ikkje gløyme at dette er bygningar for næringsverksemd, og at dei såleis fører med seg mykje transport og trafikk. I arbeidet med å betre den estetiske kvaliteten må ein ikkje sjå vekk frå krava til god funksjon, tryggleiken for born i tunet og gode arbeidsforhold.

Handhevinga krev skjerpa praksis jamfört med tidlegare, og at landbruksbygningar vert behandla seriøst både av tiltakshavarar og kommunar. Ved vurdering av plasseringa må saksbehandlinga også samordnast med regelverket i jordlova.

Det er viktig at kommunen freistar å vidareutvikle byggjeskikken på landsbygda på ein god måte, både for driftsbygningar, våningshus og andre bygningstypar. Vi viser elles til informasjon frå Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet om estetikk i plan- og bygningslova (rundskriv H-7/97 om endringer av estestikkbestemmelser i plan- og bygnings-loven. Sjå også T-1179 Estetikk i plan- og bygesaker utgjeve av Miljøverndepartementet).

Privet - WC (§ 75). Tilleggsrom (§ 76)

§§ 75 og 76 handlar i hovudsak om behov knytte til bustadhus, behov som ikkje er aktuelle for driftsbygningar i landbruket. Men § 75 nr. 2 gjev kommunen høve til å påby vassklosett eller annan type klosett for enkelte eigedomar.

Det er her viktig å vere klar over at det for driftsbygningar i landbruket med dyrehald er høve til å setje avløpet frå WC til lager for husdyrgjødsel. Bruken av eit slikt WC er avgrensa til dei som har arbeidet sitt i bygningen. Dette er ei miljømessig betre og billigare løysing enn å føre avløpet til vanleg avløpsleidning. Sjå òg omtale av *communehelsetenestelova* i kapittel 5 i denne rettleiinga.

Utføring av byggjarbeidet og krav til produkt som vert nytta i byggverket (§ 77)

Paragrafen stiller krav til produkt som vert nytta i byggverk. Paragrafen gjeld fullt ut for driftsbygningar. Formålet bak paragrafen er å sikre at produkt som vert omsette for å bli brukte i byggverk, har dei eigenskapane som er nødvendige for at dei skal oppfylle dei krava som vert sett til byggverk i eller i medhald av plan- og bygningslova. For å oppnå dette er det innført ei plikt for alle byggjevareprodusentar om å dokumentere eigenskapane til produkta sine. Statens bygningstekniske etat er

gjeve myndigkeit til å føre tilsyn med at dokumentasjonsordninga verkar etter siktemålet. Kravnivået for eigenskapane til det einskilde produktet byggjer på tekniske spesifikasjonar i samsvar med dei pliktene Noreg har teke på seg etter EØS-avtalen. Produkt med tilfredsstillande eigenskapar kan CE-merkjast.

Tiltakshavaren må altså kunne dokumentere eigenskapane til dei produkta som vert nytta i driftsbygningar. Det er ikkje kravd at denne dokumentasjonen skal leggjast ved meldinga. Kommunen har rett til å føre tilsyn, og etter krav frå kommunen må tiltakshavaren vise fram slik dokumentasjon. Sjå òg nærmare i kapittel 4 i rettleiinga om TEK kap. V og VI.

Særlege bygningar og anlegg (kap. XIV)

Plassering av bedrifter, anlegg osv. innanfor ein kommune (§ 78).

Uvanlege bygningstypar (§ 79)

§§ 78 og 79 kan nyttast når nokon har planar om å setje opp byggverk som er sterkt ønskte. Paragrafane må òg kunne gjelde landbruksbygningar.

Bygning og verksemد som representerer fare eller særleg ulempe (§ 80)

§ 80 gjev kommunen fullmakt til å stille utvida krav til bygningar som representerer fare eller særleg ulempe. Landbruksbygningar der det vert halde husdyr, fører alltid noko lukt og støy med seg, og det kan føre til klage frå grannelaget, til dømes frå buområde i nærleiken. Desse forholda vert regulerte gjennom *lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)*.

Basseng, brønn og dam (§ 83)

Siktemålet med paragrafen er å sikre mot ulykker. Der det ikkje er god tilgang på vatn frå ei anna vasskjelde, er det med tanke på brannsløkking ofte sterkt ønskjeleg å ha ein dam i nærleiken av tunet. Basseng eller dammar for oppbevaring av husdyrgjødsel eller avløpsvatn må sikrast tilsvarande.

Mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg, medrekna campingvogner, telt o.l. (§ 85)

Paragrafen gjeld for mellombels tiltak sjølv om dei vert nytta i landbruket. Transportabelt skoghusvære er i utgangspunktet ikkje meldepliktig. Vanleg tømmervelte, kålrotkule, halmstakk og utelagring av rundballar vert ikkje omfatta av paragrafen.

Eksisterande byggverk (kap. XV)

Endring, reparasjon eller bruksendring av eksisterande byggverk (§ 87)

Denne paragrafen er aktuell i samband med ombygging, tilbygging og restaurering av landbruksbygningar. Vesentlege endringar og reparasjonar av landbruksbygningar skal også meldast, jf. § 81. Bruksendring er søknadspliktig, jf. § 93 første ledd bokstav c.

Dispensasjon frå § 87 (§ 88)

§ 88 i lova, som gjev kommunen høve til å fråvike forskriftene i lova for tiltak som er nemnde i § 87, gjeld.

Vedlikehald, utbetring og riving (§§ 89-91)

§ 89a passar ikkje for landbruksbygningar, då denne paragrafen er laga med tanke på byfornying. Heller ikkje § 91a passar. §§ 89 og 91 om vedlikehald og utbetring og om riving gjeld derimot for landbruksbygningar.

Endring eller fjerning av tiltak etter § 93 andre ledd (§ 92a)

Paragrafen gjeld i høg grad for landbruksbygningar. Det vert her understreka at også tiltak etter § 93 andre ledd (som det er gjort unntak frå søknadsplikta for) skal utførast i samsvar med krava i plan- og bygningslova og det underliggjande regelverket. Plan- og bygningsstyresmaktene kan krevje slike tiltak endra eller fjerne dersom plasseringa, utføringa o.a., eller verksemd som tiltaket fører med seg, kan føre til fare eller urimeleg ulempe for omgjevnadane.

Kontroll med eksisterande byggverk og areal (§ 92b)

Paragrafen gjev på tilsvarende måte plan- og bygningsstyresmaktene høve til å kontrollere tiltak som ikkje kjem inn under § 97 om kontroll. Oppføring av ein landbruksbygning er eit slikt tiltak.

Saksbehandling, ansvar og kontroll (kap. XVI)

Kapitlet gjev reglar om saksbehandling, ansvar og kontroll for søknadspliktige tiltak. Driftsbygningar i landbruket krev ikkje søknad dersom det vert sendt melding til kommunen, jfr. § 81.

Utfyllande reglar til kapitlet er å finne i *forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker (SAK)* og i *forskrift om godkjenning av foretak for ansvarsrett (GOF)*. Sjå

meir om desse forskriftene i kapittel 3 i rettleiinga.



Førehandskonferanse (§ 93a)

Reglane i kapittel XVI om saksbehandling, ansvar og kontroll gjeld ikkje for driftsbygningar som vert behandla som melding, men tiltakshavaren har krav på førehandskonferanse etter § 93a. Konferanse kan òg krevjast av kommunen, og skal gjennomførast etter nærmare reglar i SAK.

Siktemålet med førehandskonferansen er å klarleggje dei rammevilkåra eit påtenkt tiltak må oppfylle for å vere i samsvar med forskrifter gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Standpunkt som er komne fram under førehandskonferansen, er ikkje bindande for kommunen sin saksbehandling.

Søknad om løyve. Nabovarsel (§ 94)

Regelen i § 94 nr. 2 om nabovarsel gjeld tilsvarande for driftsbygningar som vert melde etter § 81.

Ymse forskrifter (kap. XVII)

§§ 100, 101, 102, 103 og 104 gjeld også for driftsbygningar i landbruket. Det same er tilfellet med §§ 106, 107, 108 og 109. § 105 har ingen relevans for driftsbygningar.

Lov om grannegjerde av 5. mai 1961 gjeld for landbrukseigedomar ved sida av plan- og bygningslova § 103 om innhegning.

Det er viktig å merkje seg at det arbeidet kommunen utfører, delvis vert finansiert gjennom gebyr i medhald av § 109. Storleiken på gebyra vert fastsett av kommunestyret, og skal tilpassast omfanget av det arbeidet bygningsstyresegmentene utfører.

Straffeansvar, ulovleg byggearbeid, overgangsreglar, lovendringar o.a.

(kap. XVIII-XXI)

Desse kapitla gjeld for alle byggjesaker, også § 81-arbeid.

Kapittel 3 Saksbehandling

Dette kapitlet gjev ei nærmere oversikt over saksbehandlingsreglane etter plan- og bygningslova og dei utfyllande reglane om dette som er gjeve i forskrift om behandling og kontroll i byggesaker (SAK).

3.1 Melding

3.1.1 Behandling av meldepliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 81

For oppføring av ny driftsbygning i landbruket og for endring (herunder tilbygg og påbygg) eller reparasjon av eksisterande driftsbygning treng ein ikkje løyve etter plan- og bygningslova § 93, så framt det er sendt melding om tiltaket til kommunen, jf. pbl. § 81.

Vilkåra for å kunne nytte melding framfor søknad er at

- tiltaket oppfyller reglane i eller i medhald av plan- og bygningslovgjevinga (dispensasjon frå plan- og bygningslova og forskrifter til denne lova er avhengig av søknad. Men dersom dispensasjon vert innvilga kan tiltaket likevel behandlast som ei meldingssak og tiltaket vert omfatta av melding.)
- det går fram av meldinga at naboar og gjenbuarar er varsle, jf. pbl. § 81

Begge vilkåra må vere oppfylte for at ein skal kunne nytte melding. Dersom dette ikkje er tilfellet, må det sendast søknad.

Blanketten «Melding om tiltak» (NBR nr. 5153) kan brukast. Krava til innhald i meldinga og til dokumentasjon følgjer av SAK.

Det skal framgå av meldinga at naboar og gjenbuarar er varsle, jf pbl. § 94 nr. 3. Kommunen kan frita søkjaren frå å varsle naboar og gjenbuarar dersom arbeidet ikkje får nokon følgjer for dei. Det vil vere tilfellet når det gjeld naboar som held til langt borte, eller som av andre grunnar vert klart lite påverka av arbeidet.

Dersom kommunen ikkje har kome med innvendingar mot tiltaket innan tre veker etter at ein har motteke meldinga, kan tiltaket setjast i verk. Føresetnaden er då som nemnt at tiltaket er i samsvar med regelverket. Tiltakshavaren må såleis til trevekersfristen leggje til den tida som går frå meldinga er send og til ho vert motteken i kommunen, og den tida postgangen frå kommunen og tilbake til tiltakshavaren tek. For å vere på den sikre sida rår vi til at ein kontaktar kommunen

før ein tek til med arbeidet.


Når «særlege grunner» ligg føre, kan kommunen forlengje fristen med ytterlegare 3 veker. Det vil vere aktuelt dersom saka til dømes er så komplisert at det er heilt nødvendig å bruke meir tid på behandlinga. Melding om dette må vere send til tiltakshavaren før dei første 3 vekene er gått. Det er sjølvsagt ikkje noko til hinder for at kommunen, dersom naboane har gjeve samtykke til planen, kan gje klarsignal før fristen har gått ut (tbl. § 81 andre ledd). Det bør likevel ikkje skje før naboane har kome med eventuelle innvendingar etter plan- og bygningslova § 94 nr. 3.

Dersom kommunen ved behandlinga av meldinga finn at tiltaket treng ei meir utførleg prosjektering eller stirr mot reglane, må det gjevast tilbakemelding om dette før meldefristen går ut.

3.1.2 Førehandskonferanse

Førehandskonferanse skal haldast før innsending av meldinga dersom kommunen eller tiltakshavar krev det. jf pbl § 93 a og SAK. Formålet med konferansen er å etablere tidleg kontakt mellom tiltakshavar og kommunen og avklare rammene for tiltaket. Ein vil dermed auke framsynet i saksbehandlinga.

3.1.3 Ansvar



Ansvoaret for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslovgjevinga, ligg hjå tiltakshavaren. Tiltakshavaren kan føre opp driftsbygningen sjølv, men på eige ansvar. Det vert likevel tilrådd å nytte kvalifiserte fagfolk, ettersom det reduserer risikoen for eventuelle tap som følgje av byggjefeil.

3.1.4 Krav til melding. Dokumentasjon

Dokumentasjonskrava er rekna opp i SAK og følgjer stort sett dei same reglane som for søknad. Dokumentasjonen må avpassast etter kor stor og komplisert driftsbygningen skal vere. Det er berre den nødvendige dokumentasjonen som skal leggjast ved. Sjå døme bak i rettleiinnga.

Pbl. inneholder ingen heimel for kommunen til å krevje bestemte meldingsblankettar. Men NBR har laga blankettar som er oversiktlege og som kommunane er godt kjende med. Blankettar som kommunane kjenner vil også kunne føre til ei raskare saksbehandling. Det vert derfor anbefalt at desse vert nytta.

Meldingar som er så mangelfulle at kommunen overhovud ikkje kan vurdere dei, bør returnerast til søkeren. Kommunen skal ikkje delta i utforminga av meldinga og prosjektertinga. Det er ikkje dei kommunale bygningsmyndighetene si oppgåve. Kommunen er jamvel forplikta å gje rettleiing, jf. forvaltningslova § 11. Denne kan tilpassast det enkelte forvaltningsorgan sin situasjon og kapasitet.

3.1.5 Kommunen si byggjesaksbehandling

Kommunen skal m.a. ta stilling til om driftsbygningen er i samsvar med følgjande reglar i pbl.:

- forbod mot bygging i 100 meters beltet ved sjøen (pbl § 17-2)
- vedtak i arealdelen av kommuneplanen, reguleringsplanen og bebyggelsesplanen (pbl §§ 20-6 og 31)
- om det er nødvendig å fastsetje byggje- og deleforbod (pbl § 33)
- grunn- og miljøforhold (pbl § 68)
- tilkomst til veg, og tilkopling til vatn- og kloakk (pbl §§ 65 - 67. jfr. § 81 første ledd som gjer ei rekke unntak)
- plassering, høgde og avstand til nabogrense (pbl § 70)
- estetiske omsyn (pbl § 74 nr. 2). Her har Stortinget pålagt kommunen å sjå til at tiltaket oppfyller bestemte etiske krav.
- plassering av bedrifter og anlegg m.v. innafor kommunen (pbl § 78)

Vidare skal kommunen sjå til at nabovarsel er gjeve (sjå § 94 nr. 3) og at nødvendig dokumentasjon ligg ved søknaden, sjå vedlegg. Vidare skal kommunen vurdere grunnlaget for eventuelle sanksjonar. Endeleg skal kommunen også vurdere eventuelle dispensasjonssøknader. Kommunen har i tillegg som oppgåve å vurdere sakstypen og om dei skal krevje at førehandskonferanse skal haldast.

Kommunen skal ikkje ta stilling til eller velje detaljtekniske løysingar, gjennomgå statiske utrekningar, detaljeikningar, innhaldet i sjekklistene og andre detaljskildringar. Desse vurderingane er no overlate til utbyggjarsida. Det er tiltakshavar som har ansvaret for å ta stilling til desse spørsmåla samt ansvar for at bygget oppfyller dei tekniske krava i plan- og bygningslova.

3.1.6 Kontroll

Reglane om kontroll gjeld ikkje for driftsbygninga då dei er meldepliktige. Tiltakshavar bør jamvel gjennomføre kontroll for å forsikre seg om at bygget er forskriftsmessig. Det er nemleg han som har ansvaret for at bygget er i samsvar med det gjevne byggjeløyve og bestemmingar gjeve i eller i medhold av plan- og bygningslova.

3.1.7 Tilsyn

Kommunen pliktar å føre tilsyn, jf pbl § 10-1. Kontroll og tilsyn er ikkje det same. Med tilsyn meiner vi i hovudsak stikkprøver, gjerne i bestemte, utvalde byggjesaker. Tilsynet bør konsentrere seg om dei mest kritiske punkta i byggjesaka.

3.1.8 Tiltakshavar kan velje søknadshandsaming

Tiltakshaver kan krevje at saka vert handsama som søknad. I slike høver gjeld alle reglane i pbl. kap. XVI.

3.2 Unntak frå meldeplikta for mindre tiltak (SAK)

Meldeplikta gjeld ikkje for mindre tiltak dersom dei oppfyller visse vilkår. SAK listar opp ein del tiltak som korkje er søknadspliktige eller meldepliktige. Unntaket gjelder oppføring, riving, fjerning og opparbeidning av slike tiltak. Føresetnaden er at dei ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgjevnadane eller allmenne interesser. I tillegg må sjølvsagt reglane i plan- og bygningslova og teknisk forskrift vere oppfylte.

Sjølv om tiltaket ikkje kjem inn under meldeplikta, er tiltakshavar ansvarleg overfor plan- og bygningsstyresmaktene for at det er i samsvar med lovgjevinga.

Mindre byggverk knytta til drift av jordbruksområder er eit av fleire mindre tiltak som er sett vekk frå meldeplikta dersom dei nemnde vilkåra er oppfylt. Sjå nærmare i SAK om unntaka.

3.3 Bruksendring av driftsbygning

Bruksendring av driftsbygning til anna bruk er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 93. Døme på bruksendring er når driftsbygning vert teken i bruk til næringsbygg.

Ved bruksendring vil noverande materielle reglar gjere seg gjeldande, mellom anna reglane i TEK, til bruk på dei delar av bygningen som bruksendringa femnar om (pbl. § 87 nr. 2 bokstav e og nr. 2 andre ledd). Det vil seie at desse delane av bygningen må oppgraderast til gjeldande regelverk.

Etter pbl. § 88 kan kommunen dispensere frå reglar gjeve i eller i medhald av denne lova for dei tiltak som er nemnt i § 87, når det er forsvarleg ut frå helsemessige og brann- og bygningstekniske omsyn, og tiltaket ikkje medfører at byggverket kjem ytterlegare i strid med lova enn det er frå før. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Dispensasjon kan vere aktuelt dersom det er særleg kostnadskrevande å oppgradere bygningen til dagens regelverk. Noko som til dømes ofte vil vere tilfellet

ved gamle bygningar.

Kapittel 4 Teknisk forskrift (TEK)

Hovudsiktemålet bak fastsetjinga av teknisk forskrift - *forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk av 22. januar 1997 nr. 33* (TEK) - har vore å gjere forskriftera greiare å bruke og enklare å tilpasse til den tekniske utviklinga. Dette er viktig, ettersom forskriftera må tilpassast bruk av nye europeiske og internasjonale standardar. Forskriftera er mykje meir funksjonsretta enn tidlegare i form av overordna krav. Det fører mellom anna til at behovet for oppdatering er redusert.

Til forskriftera er det utarbeidd ei generell rettleiing Ren veiledning til teknisk forskrift til plan- og bygningsloven 1997 (3. utgave 2002). Ny rettleiing til TEK kjem ut 2003.

Alminnelege forskrifter (kap. I)

Bruk av forskriftera i samband med særskilde tiltak (§ 1-2)

Etter § 1-2 første ledd nr. 1 gjeld den TEK «så langt den passer for driftsbygninger i landbruket og for tilsvarende bygninger for dyr utenom landbruket». Kva som høyrer inn under omgrepene «driftsbygninger i landbruket», har vi gjort nærmere greie for i kapittel 1 i rettleiinga.

For bygningar som skal brukast til husvære i samband med seterdrift eller skogsdrift, gjeld som nemnt dei same forskriftene som for fritidsbustader. Dvs. at for desse gjeld berre forskriftera kapittel I til og med VII, §§ 8-1, 8-23, 8-5, 8-52 tredje ledd, 9-2 første og andre ledd, 9-22, 9-5, 9-52 og kapittel XI.

Kartverk (kap. II)

Reglane i § 2-1 om kartverk gjeld.

Grad av utnytting (kap. III)

Reglane om utnyttlingsgrad gjeld. Det er gjort nærmere greie for dei i ei eiga rettleiing gjeve ut av Miljøverndepartementet: «Grad av utnytting». Rettleiinga kan bestillast frå Statens forurensningstilsyn.

Målereglar (kap. IV)

Målereglane gjeld også for driftsbygningar. Desse er nærmere skildra i Ren veiledning til teknisk forskrift til plan- og bygningslova 1997.

Kapitlet inneholder reglar om fastsettjing av tal på etasjar. Talet på etasjar vil for landbruksbygningar berre styre kravet til brannklasse for bygget. Kjellaren inneholder som regel berre tilleggsdel, og vil formelt sett ikkje telje med som eigen etasje om himling i kjellaren er høgst 1,5 m over middelnivå for planert terreng utanfor.

Produkt til byggverk (kap. V)

Dette kapitlet gjev utfyllande reglar til plan- og bygningslova § 77 og gjeld fullt ut for driftsbygningar. Vi viser til rettleiing til TEK kap. V, som gjev ei nærmare og utførleg utgreiing om reglane.

For landbruksbygningar som vert bygde med offentleg lån og/eller investeringsstøtte, kan det vere gjort gjeldande tilleggskrav. Dei eksisterer i rundskriv frå Landbruksdepartementet. Lån eller tilskot vert berre gjeve dersom vilkåra, mellom anna tekniske tilleggskrav, er oppfylte.

Metodar og utføringar (kap. VI)

Bruk av Norsk Standard eller tilsvarande (§ 6-1)

Når det vert nytta metodar, materiale og utføringar etter Norsk Standard, eller som er skildra i ei europeisk teknisk godkjenning med retningslinjer, gjev dette tilstrekkeleg dokumentasjon på at krava i plan- og bygningslova og TEK er tilfredsstilte. Slik dokumentasjon skal godtakast av dei kontrollerande styresmaktene. Også andre løysingar og materiale må godtakast dersom krava i forskriftene er oppfylte.

Personleg og materiell tryggleik (kap. VII)

I TEK kap VII, personleg og materiell tryggleik, vert det stilt krav til tryggleik ved brann, konstruksjonstryggleik og tryggleik i bruk.

TEK stiller funksjonskrav med omsyn til brannvern. Desse funksjonskrava er grunnleggjande og i prinsippet ufråvikelege.

Etter § 7-1 skal byggverk utformast, utførast og utstyrast på ein slik måte at dei ikkje representerer nokon fare for personar, og slik at dei ikkje ved samanbrot eller ulykker fører til uakseptabelt store materielle eller samfunnsmessige skadar.

Tryggleik for dyr er ikkje nemnt spesielt i § 7-1. Men i § 7-2 vert det understreka at det skal vere forsvarlege høve til å redde menneske og dyr, og i § 7-31 er moglege konsekvensar, som uakseptabel skade på dyr, ein del av grunnlaget for val av pålitelegheitsklassen.


Tryggleik ved brann

Byggverk skal ha planløysing og utføring som gjev tilfredsstillande tryggleik ved brann for personar som oppheld seg i eller på byggverket, for materielle verdiar og for miljø- og samfunnsmessige forhold. Mellom anna skal det vere forsvarlege mogelegheit for å redde mennesker og dyr og for sløkkjearbeid. Byggverk skal plasserast og utførast slik at risiko for brannspreiing til andre byggverk vert akseptabel liten, TEK § 7-2.

Krava i forskrifta med omsyn til brannvern er knytte til

- avgjerd om risikoklasse, som er relatert til bruken av bygningen og persontryggleiken (risikoklassane 1, 2, 3, 4, 5 og 6)
- avgjerd om brannklasse, som primært er knytt til konsekvensane av ein brann (brannklassane 1, 2, 3 og 4, der brannklasse 1 inneber minst konsekvensar og brannklasse 4 størst konsekvensar)
- bereevna og stabiliteten ved brann
- vern mot at det skal ta fyr, og mot utvikling og spreiling av brann og røyk
- vern mot at ein brann spreier seg til andre bygningar
- tilrettelegging for sløkking
- tilrettelegging for rømming av personar
- tilrettelegging for rednings- og sløkkjemannskap

Dei førehandsaksepterte tolkingane til dei sentrale bygningsstyresmaktene er gjeve i rettleiinga til TEK. Denne rettleiinga er bygd opp i samsvar med dei punkta som er nemnde ovanfor.



Avklaringar i samband med branntekniske forhold bør kome tidleg i prosjekteringsfasa. Ved kontakt med kommunen gjennom førehåndskonferanse (tbl. § 93a) kan tiltakshavaren få ei overordna forståing av regelverket og bruken av det i samband med tiltaket. Tiltakshavaren er sjølv ansvarleg for at tiltaket følgjer krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. SAK.

Risikoklasser og brannklasser (§ 7-22)

Avgjerd om risikoklasse

Driftsbygningar i landbruket bør plasserast i risikoklasse 1, det vil seie den lågaste risikoklassea forskrifta opererer med. Risikoklasse 1 inneber at

- personar berre sporadisk oppheld seg i bygningen
- personar som oppheld seg i bygningen, kjenner rømmingsvegane og kan kome seg ut på eiga hand
- det berre skal vere vakne personar i bygningen
- det er lite brannfarleg aktivitet i bygningen

Våningshuset på ein gard må plasserast i risikoklasse 4. Det inneber at

- personar ikkje berre sporadisk oppheld seg i bygningen
- personar som oppheld seg i bygningen, kjenner *bygningen svært godt* og kan kome seg ut på eiga hand
- bygningen ikkje berre er tenkt brukt av vakne personar
- det er lite brannfarleg aktivitet i bygningen

Ulik risikoklasse for driftsbygning og våningshus gjev behov for vern mot at ein brann spreier seg mellom bygningane, helst ved tilstrekkeleg avstand, det vil seie minst 8 m.

Avgjerd om brannklasse

Brannklassa til eit byggverk vert fastsett ut frå talet på etasjar og risikoklassa, sjå rettleiing til TEK. Bygningar som vert brukt til formål som fell inn under risikoklasse 1 må plasserast i brannklasse slik:

Ein etasje: Inga brannklasse.

To etasjar: Inga brannklasse, men risikoklasse 1 vert anbefalt.

Tre og fire etasjar: Brannklasse 2, der den øvste etasjen kan vere i brannklasse 1 eller oppført av ikkje-brennbare materiale (t.d. stål).

Fem og fleire etasjar: Brannklasse 2


Korleis ein skal telje etasjar finn ein svar på i TEK § 4-1 og rettleiinga til denne.

Bereevne og stabilitet ved brann (§ 7-23)

For driftsbygningar på opptil to etasjar vert det ikkje stilt krav til brannklasse (sjå over) og dermed ikkje krav til brannmotstand for berande konstruksjonar. Det inneber at tradisjonelle løysingar med stolpeverk kan brukast, så framt konstruksjonen vert dimensjonert forskriftsmessig med omsyn til bereevne for eigen- og nyttelaster. Med

rett dimensjonering oppnår ein i alle høve ein viss brannmotstand.

For bygningar i tre eller fleire etasjar vert krav sett i forskrifta oppfylt når beresystemet ha brannmotstand R60 (ikkje-brennbare materiale).



Opp til to etasjar: Ikkje krav til brannklasse

Fating, utvikling og spreiling av brann og røyk (§ 7-24)

Ein kan hindre at brann oppstår

- ved bruk av material i overflater som har gode eigenskapar med omsyn til fating, varmeavgjeving og røykutvikling. Stort sett vil dette seie at ein bruker ikkje-brennbare eller avgrensa brennbare material med overflateeigenskap In1, der det kan vere fare for at overflata kan ta fyr
- rett utforming av ventilasjonsanlegg og andre tekniske anlegg ved at ein følgjer dei aktuelle reglane og nyttar lovleg produkt
- brannalarm kan gje tidleg varsling av brann, slik at det kan vere mogleg å sløkkja før elden har fått skikkeleg tak.

Ein kan hindre spreiling av brann og røyk ved

- installasjon av sløkkjeanlegg, i særlege tilfelle installasjon av sprinklaranlegg
- inndeling i brannceller, det vil seie at ein deler inn bygningen i rom som ein utfører som eigne brannceller
- brannseksjonering, det vil seie at ein deler opp store areal med seksjoneringsvegger


Overflater

Dei branntekniske eigenskapane til overflatene på veggjar og i himlingen er svært avgjerande for det tidlege forløpet av ein brann, og for kor snøgt det skjer overtanning. Overflater i nærleiken av potensielle brannkjelder bør gje eit

tilstrekkeleg vern mot at bygningen skal kunne ta fyr.

TEK krev at byggverk skal byggjast og utstyrast slik at sannsynet for brann skal oppstå vert redusert til eit akseptabelt nivå, og slik at faren for spreiling av brann og røyk kan reduserast tilsvarende. Det skal takast omsyn til bruken av byggverket og den tid som er nødvendig for rømming og redning. Ein måte å oppnå dette på, kan vere:

- Golv i gardsverkstad og landbruksgarasje vert utført med ikkje-brennbart materiale (t.d. betonggolv eller dørkeplater av stål som dekkjer tregolv).
- I reiskapsrom og andre rom som ikkje er nytta som garasje for bil, traktor eller reiskap med forbrenningsmotor kan det vere tilstrekkeleg å ha materialer med overflate In2.



- I garasje for traktor, eller reiskap med forbrenningsmotor, der batteriet er fråkopla, kan det vere tilstrekkeleg å ha ikkje-brennbart golv med ei utstrekning på minst 1 meter rundt traktoren, sjå figur.
- Vegg og himling bør ha overflate i klasse 1.

Det må ikkje i nokon samanheng nyttast overflater som tek lettare fyr enn treverk, altså klasse In2.

In2 tilsvrar overflate av nåletre, eventuelt sponplater.

Seksjonering

For driftsbygningar der det ikkje vert stilt krav til brannklasse eller brannmotstand, vert det ikkje kravd oppdeling av arealet ved seksjonering. I praksis inneber det at driftsbygningar i opptil to etasjar kan byggjast utan arealavgrensing. Sjansen for å redusere ein brann er betydeleg større ved seksjonering av bygningen, dette er sterkt å anbefale.

For driftsbygningar med tre eller fleire etasjar gjeld desse arealavgrensingane (største

bruttoareal per etasje), så framt det er normal brannbelastning (i området 50 - 400 MJ/m²):

- Ingen tiltak: 1 200 m²
- Med brannvarslingsanlegg som gjev varsling til eigar eller anna person (til dømes brannvesen): 1 800 m²
- Med brannventilasjonsanlegg: 4 000 m²
- Med sprinklaranlegg: 10 000 m²

Dersom driftsbygningen har større areal enn dei ovannemnde grenseverdiane, må bygningen delast opp med seksjoneringsvegg med brannmotstand REI 120-M

Inndeling i brannceller

For å sikre eit akseptabelt vern mot brannspreiing til husdyrrom må slike rom utførast som eigne brannceller.

Brannmotstanden til dei omsluttande bygningsdelane som skiljande bygningsdel (dekke og veger) vert gjort avhengig av bruttoarealet av husdyrrommet.

For bygningar i brannklasse 1 vert følgjande anbefalt :

Bruttoareal i husdyrrom	Brannmotstand på omsluttande veger og dekke
Inntil 300 m ²	REI 30
Over 300 m ²	REI 60

Dersom driftsbygningen vert plassert i brannklasse 2, så må husdyrrom ha omsluttande veger og dekke med brannmotstand EI 60.

Der det er fleire husdyrrom i same bygning bør kvart husdyrrom utførast som eiga branncelle.

Det vert anbefalt at kvart enkelt husdyrrom vert utført som eigne brannceller.

Tilrettelegging for sløkking av brann (§ 7-25)

Brannslange knytt til vassleidning vert tilrådd som sløkkjeutstyr på staden. I verkstader og garasjer kan det vere tilstrekkeleg med pulverapparat. Sløkkjeutstyret må vere plassert slik at det går raskt å få tak i det, til dømes ved dørropningar. Ein må kunne nå heile arealet av driftsbygningen med sløkkjeutstyr.

Brannspreiing mellom byggverk (§ 7-26)

TEK skil mellom «låge» og «høge» byggverk når det gjeld vern mot brannspreiing mellom byggverk. Veiledninga til TEK set generelt 9 m høgd som grensa for definisjonen av låge byggverk. Driftsbygningar innanfor ei brukseining kan jamvel verte rekna som «låge byggverk» sjølv om dei er høgare enn 9 m. Vi viser her til at regelen om «høge» byggverk ikkje utan vidare passar for driftsbygningar i landbruket.

Ein kan skilje mellom

- vern mot brannspreiing frå driftsbygning til bygning på anna brukseining
- vern mot brannspreiing frå ein driftsbygning til ein annan innanfor ei og same brukseining
- vern mot brannspreiing frå ein driftsbygning til ein bygning med anna risikoklasse på same brukseining.
- Med brukseining er det i denne samanhengen meint ei samling bygningar som saman vert nytta for eit bestemt formål (t.d. jordbruksdrift) av éin brukar. Brukaren kan vere eigar, leigar eller annan bruksrettshavar.


Vern mot brannspreiing frå driftsbygning til bygning på anna brukseining

For å hindre at ein brann spreier seg mellom bygningar i ulike brukseininger, skal ein generelt unngå avstandar under 8 m. Dersom avstanden jamvel er under 8 m, må det etablerast brannvegg med brannmotstand REI 120-M mellom bygningane. Ein avstand på 8 m kan vere for liten til å hindre at ein brann spreier seg mellom driftsbygningar dersom ikkje brannstellet kjøler ned flater som er utsette for stråling. Dersom ein ikkje kan rekne med slik innsats frå brannstellet, bør ein freiste å etablere større avstand mellom driftsbygningar i ulike brukseininger.

Vern mot brannspreiing frå ein driftsbygning til ein annan innanfor ei og same brukseining

Som det går fram av prinsippa for seksjonering, kan ein driftsbygning i opptil to etasjar utførast utan oppdeling med seksjoneringsvegg. Tilsvarande kan ein i prinsippet setje opp fleire driftsbygningar i opptil to etasjar innanfor ei og same brukseining utan vern mot brannspreiing mellom bygningane, dersom dette ikkje fører til uakseptable forhold for rømming av personar og dyr. Tapspotensialet aukar med kvadratmetertalet for byggverk utan brannteknisk oppdeling. Ein bør derfor vurdere om det ikkje bør etablerast vern mot brannspreiing mellom slike driftsbygningar, anten ved stor nok avstand eller ved brannskiljande konstruksjon.

Urimeleg store økonomiske tap ved brannspreiing frå driftsbygning til driftsbygning med tre eller fleire etasjar må avgrensast ved at det totale arealet per etasje i bygningane ikkje kjem over dei arealgrensene som er oppgjeve for seksjonering av slike byggverk (s.d.).



Vern mot brannspreiing frå ein driftsbygning til ein bygning med anna risikoklasse på same brukseining.

Ein driftsbygning utført i vanleg stolpeverk utan brannklasse representerer ei stor brannbelastning som raskt kan bli utløyst ved ein brann. Strålevarmen mot ein annan bygning frå ein overtent driftsbygning kan bli svært stor dersom bygningane ligg nær kvarandre. Avstanden mellom driftsbygning og bustadhus må derfor vere minst 8 m. Jamvel ved ein slik avstand kan det bli nødvendig for brannstellet å kjøle ned bustadhuse med vatn for å hindre at ein brann i ein driftsbygning spreier seg. Dersom avstanden er mindre enn 8 m, må vern mot brannspreiing sikrast med brannvegg med brannmotstand REI M120. Brannvegg må utførast i ubrennbare materialer. Aukar ein avstanden mellom bygningane vil faren for brannspreiing reduserast. Blir avstanden tilstrekkelig stor kan ein effektivt forhindre brannspreiing sjølv om brannstellet ikkje kjem raskt til.


Rømming av personar (§ 7-27)

Eit brannalarmanlegg basert på røykdetektorar kan gje tidleg varsling og dermed auke sjansen for å redde husdyr i tide.

I følgje TEK (§ 7-27) er det krav til *minst* 2 rømmningsvegar frå ei branncelle. Kravet om to rømmningsvegar er ivaretake når brannsella har ein utgang (dør) direkte til det fri. Branncelle som har areal større enn 150 m^2 bør ha minst to utgangar til det fri. Husdyrrom bør ha minst to utgangar uavhengig av storleiken på rommet.

Tilrettelegging for rednings- og sløkkjemannskap (§ 7-28)


Tilgang på sløkkjevatn og forholda elles bør avklarast med brannstellet ved førehands-konferansen. Innsatstida til brannstellet bør vurderast opp mot dei sikringstiltaka eigaren sjølv set i verk i driftsbygningen.



Nokre døme på brannsikringstiltak i driftsbygningar

Vi tek med nokre døme for å vise korleis brannsikring kan gjennomførast i praksis. Desse døma er ikkje uttømmande men dømer på tilfeller der teknisk forskrift er ivareteke:

Døme 1



Opplysningar om tiltaket:

Det skal byggjast ny driftsbygning i éin etasje. Bygningen skal innehalde verkstad, garasje for traktor og korntørke med plass til reiskapar. Bonden ønskjer også å plassere personbilen sin i garasjen. Grunnflata i bygningen er 350 m^2 .

Brannklasse:

For bygningar i opptil to etasjar vert det ikkje stilt krav til brannklasse.

Seksjonering:

Det er ikke krav til verken seksjonering eller brannmotstand på berande

konstruksjonar når det ikkje er krav til brannklasse for bygningen.

Rømmingsvegar:

Det er utgang til det fri frå kvart einskilt rom. Dette tilfredsstiller krava til rømningstryggleik i tekniske forskrifter.

Verkstad:

Golvet bør vere ikkje-brennbart. Vegger og himling bør utførast med overflatematerial med overflate i klasse In1. Det skal vere handsløkkjeapparat i rommet. Rommet har ein utgang og ein rømmingsveg, som kravd.


Garasje:


Heile golvet bør vere ikkje-brennbar. Vegger og himling bør ha overflate klasse In1. Det må vere handsløkkjeapparat i rommet.

Korntørke/reiskapsrom:

Ingen særskilde krav så lenge det ikkje vert nytta varmeanlegg. Sjå § 9-21 for krav til fyringsanlegg.

Døme 2





Opplysningar om tiltaket:

Det skal byggjast ny driftsbygning for storféproduksjon. Bygningen skal vere i éin etasje. Husdyrrommet skal ligge mellom førsentralen og sosiale rom/mjølkeavdeling. Arealet av husdyrrommet er 280 m^2 . Arealet av sosiale rom/mjølkeavdeling er 40 m^2 . Til saman er dette 320 m^2 .

Brannklasse/seksjonering:

For bygningar i éin etasje av denne storleiken vert det ikkje stilt krav om brannklasse og dermed heller ikke branntekniske krav til berande veger. Det er heller ingen krav om oppdeling med seksjoneringsvegg.



Husdyrrom:

Arealet av husdyrrommet og sosiale rom er over 300 m^2 . Det vil såleis gjelde krav om EI 60-vegg mot førsentralen. Sosiale rom kan då reknast med i branncella til husdyrrommet. For at EI 60 veggen skal ha tilstrekkeleg brannmotstand må denne førast opp over taket på forrommet. Det vert stilt krav om handsløkkjeapparat, som bør plasserast i gangen.

Rømmingsvegar:

Frå storférom er det ein utgang direkte til det fri. Vidare er det utgang direkte til det fri frå førsentral og frå mjøkerom. Avstanden frå alle stader inne i storférommet til utgangsdøra er mindre enn 50 meter. Krava i TEK til rømningstryggleik er såleis innfridd.

Døme 3



Opplysningar om tiltaket:

Ein bonde skal utvide ein driftsbygning med eit større tilbygg for husdyrproduksjon. Tilbygget er på totalt 300 m^2 , medan husdyrrommet som er ein del av tilbygget, er på 240 m^2 . Den eksisterande bygningen har ei grunnflate på 850 m^2 og er i to fulle etasjar.

Brannklasse/seksjonering:

Heile bygningskomplekset må reknast som ein to etasjar høg bygning dersom det ikkje vert seksjonert mellom dei to bygningskroppane. Den eldre bygningen tilfredsstiller brannklasse 1, ettersom det er betongelement i 1. etasje og limtreramme i 2. etasje. I nybygget har bonden tenkt å nytte bindingsverk og takstolar. Bygningen kan oppførast utan krav til brannklasse. Arealet for plan 1 er totalt $850 + 300 = 1150 \text{ m}^2$, altså mindre enn den maksimale grensa på 1200 m^2 . Sjølv om arealet hadde vore større enn 1200 m^2 ville det jamvel ikkje vore krav om seksjonering ettersom bygningen kan utførast utan krav til brannklasse.

Husdyrrom:

Det eksisterande husdyrrommet er på 120 m^2 . Samla areal for husdyrromma vert dermed 360 m^2 . Husdyrrommet bør derfor skiljast frå tilstøytande rom med bygningsdelar som minst held klasse EI 60. Det er tilrådd å utføre kvart husdyrrom som eiga branncelle for å unngå at brann lett spreier seg frå eit husdyrrom til eit anna.

Biromma vel ein å la tilhøyre husdyrrommet. For å hindre brannspreiing frå fôrsentralen i den eksisterande bygningen via innvendig hjørne, må ein EI 60-vegg førast minst 8 m frå husdyrrommet.

Sløkkjeutstyr:

Det vert installert brannsløkkjeutsyr i fôrsentralen.


Rømmingsvegar:

Det er tillate med rømmingsveg frå eit husdyrrom gjennom eit anna rom før ein kjem ut i det fri. I dette tilfellet rømmer ein frå det gamle husdyrrommet gjennom det nye. Her er det ei dør direkte til det fri, som kravd, og den andre døra går gjennom ein gang i biomsavdelinga. Breidda på rømmingsvegen bør vera 1,5 m for storfe.

Det er tilrådd å utføre kvart husdyrrom som eiga branncelle for å unngå at brann lett spreier seg frå eit husdyrrom til eit anna. Kvart husdyrrom bør ha ein utgang direkte til det fri.

Reknar ein begge husdyrromma som ei branncelle er det tilstrekkeleg med ein utgang frå branncella direkte til det fri, så lenge det ikkje frå nokon stad i branncella er meir enn 50 m til utgangen. Det er sterkt tilrådeleg at det vert etablert eigen utgang direkte til fri frå kvart husdyrrom, sjølv om ein vel å sjå husdyrromma som ei branncelle.

Døme 4



Opplysningar om tiltaket:

Det skal byggjast ny driftsbygning for gris. Bygget er på totalt 500 m² og på berre ein etasje.

Brannklasse/seksjonering:

Bygget er på éin etasje så det er ingen krav til brannklasse eller seksjonering.

Husdyrrom:

Husdyrrommet er over 300 m² og bør derfor skiljast frå andre rom med bygningsdelar som minst held klasse EI 60. Det vil i dette tilfellet sei at førsentralen vert skild frå resten av bygningen med ein EI 60 konstruksjon. Det er utgang i begge endar på bygningen så minimumskravet til husdyrrom er oppfylt.

Med fleire husdyrrom i bygget er det tilrådd å utføre kvart husdyrrom som eiga branncelle. Ein kan eventuelt dele bygget opp i tre brannceller som skissert ved å føre skiljeveggene heilt opp til yttertaket.

Er det heilt ope loft utan skilje vil ein brann raskt kunne spreie seg til heile bygget. Er det i tillegg luftinntak gjennom himling vil røyken frå ein brann fort spreie seg til alle husdyrromma, så ei slik løysing er ikkje tilrådeleg.

Luftinntak i yttervegg er tryggare med omsyn til fare for innitrenging av røyk ved brann.

Sløkkjeutstyr:

Det vert installert brannsløkkingsutstyr i førsentralen.

Rømmingsvegar:

Det er direkte utgang til det fri frå kvar branncelle for husdyr.

Plassering og bereevne

Tryggleiken mot samanstyrting og skadar i ein bygning avheng av fleire faktorar. Det er ein kombinasjon av forholdet mellom ulike typer laster og påkjenningar. Både snølast, vindlast, andre topografiske forhold. Eigenlast til bygningen og påførte laster har innverknad på bæreevna til bygningen. Om ikkje det er teke omsyn til alle desse faktorane under prosjektering av bygningen, vil den totale tryggleiken i bygningen verte redusert. Det er alltid det svakaste ledd som vert avgjerande for bygning sin totale tryggleik.

Pålitelegheitsklasser for byggverk (§ 7-31)


Det viktige her er inndelinga i pålitelegheitsklassar etter brotkonsekvens, slik dei er definerte i NS 3490, tillegg K. Driftsbygningar i landbruket med rom for husdyr, eller med meir enn éin etasje, høyrer normalt heime i pålitelegheitsklasse 2. Nominelt årleg brotsannsyn ved ordinær brotgrense er 0,001. Enkle bygningar i berre éin etasje, som reiskapshus, fôrlager, potet- eller grønnsakslager og andre sekundære bygningar der det sjeldan oppheld seg folk, kjem inn under nemninga «mindre lagerhus». Slike bygningar høyrer heime i pålitelegheitsklasse 1, med tilsvarande nominell risiko 0,01. Er lagerbygningen stor og/eller teknisk komplisert, eller det er ein regelmessig arbeidsplass i bygningen store delar av året, bør bygningen plasserast i klasse 2.

Tryggleik mot naturpåkjenningar (§ 7-32)



Det vert normalt godteke at driftsbygningar vert oppførte i sone med tryggleiksklasse 1 for ras, leirras eller flaum (risiko < 0,01).

Om flaum, sjå NVE-retningslinjer 1/1999 «Arealbruk og sikring i flomutsette områder».



Påkjenning frå vind

Skader som følgje av vind er eit spesielt problem for landbruksbygningar. Erfaringa er at dei på grunn av utforming og plassering er særleg utsette for vindskadar, desse skadane kan verte svært store.

NS 3491 - 4 (Prosjektering av konstruksjoner, dimensjonerende laster, Vindlaster) gjev karakteristisk vindfart. Effekten av topografi og lokale terrengforhold vil i

tillegg medverke til eit langt større trykk ved vind enn kva karakteristisk vindlast skulle tilseie.

Den vindlasta som må kunne forventast vil for mange eksisterande bygningar vere langt høgare enn kva dei er dimensjonert for.

Etter orkanen på Nord-Vestlandet i 1992 vart det utarbeidd ein omfattande rapport, «Orkan 1992», utgjeve av Statens bygningstekniske etat. Denne inneheld mellom anna erfaringar og anbefalte tiltak for å utbetre sikring av landbruksbygningar mot vind.

Konstruksjonstryggleik (§ 7-33)

I fleire år har det vore arbeidd med siktet på gjere tilpassingar i last- og konstruksjonsstandardar slik at dei også høver fullt ut når ein skal dimensjonere for det tryggleiksnivået som tradisjonelt har vore brukt for landbruksbygningar, og som synest å vere det rette. Dette har ein langt på veg oppnådd med den siste revisjonen av teknisk forskrift til plan og bygningslova.

Dei generelle forskriftene i NS 3490 pkt. 9.4.3 fører for pålitelegheitsklasse 1 og 2 inn ein reduksjons-faktor for lastfaktoren i brotgrensetilstand, med ein verdi som varierer frå 0,8 til 1,0. Vidare er det innført reduksjonsfaktorar for lastkombinasjonar som gjer at lastnivået for alle bygningar kjem på linje med det som har vore nytta for landbruksbygningar. Dette erstattar eit særvilkår for landbruksbygninga i *byggeforskrift 87*, som no er oppheva. Der var det indirekte gjeve høve til opptil 15 % reduksjon av materialfaktoren ved dimensjonering av landbruksbygningar, så framt brotrisikoen framleis var under 0,001. Pålitelegheitsklassa er derfor uendra.

Vidare hadde landbruksbygningar særvilkår for fastsettjing av snølast på tak frå 1988 fram til NS 3479 kap. 4.1 vart avløyst av NS 3491-3. Desse særvilkåra er no tekne bort, då store deler av innhaldet i særvilkåra er arbeidd inn i NS 3490 og NS 3491-3. Største endringa er at bygningane no skal dimensjonerast for den største venta snølasta innan ein 50-årsperiode, mot tidlegare 5-årsperiode. Føresetnaden om at taket skal måkast ved særleg store snøfall er også teke bort. Jamvel vil det for dei fleste landbruksbygningane verte ei auke i dimensjonerande snølast på 10-40 %. Der bygningane ligg uskjerma for vind, kan reduksjons-faktoren for eksponering i standarden nyttast om vilkåra for vindklima og vindtemperatur er stetta. Lastnivået for snø vil då oftast verte om lag som før.

Resterande laster på landbruksbygg er/vil bli å finne i NS 3491 del 1 til 11. Eigenlaster og nyttelaster står i del 1, og laster i siloar og tankar kjem i del 9. Merk at køyrebruer og dekkjer i driftsbygninga som er opne for traktorkøyring må dimensjonerast for det. Laster er å finne i NS 3491-1. Slike område kan også trafikkerast med personbil og andre køyretøy med mindre totalvekt enn 6 tonn. Derimot kan dei ikkje trafikkerast av lastebil. For å gjere det kjent for transportsjåførar som kjem til garden for å hente/levere lass, bør det setjast opp varselskilt om største tillatne aksel last, slik det vert gjort på bruer. I eldre bygningar vil denne lasta måtte setjast vesentleg lågare enn i nybygg, då dei var dimensjonert for

vesentleg lettare køyretøy enn det som no er i bruk.

Taljar og kranbaner er svært vanlege i driftsbygningars (sjå § 9-61 om lyfteinretningar). Dei må sertifiserast av ein sakkunnig person, jf. *forskrifter om løfteinnretninger og løfteredskap av 7. mars 1974*. Forskrifta vert forvalta av Direktoratet for Arbeidstilsynet. Før ein monterer talje eller kran i ein eksisterande bygning som ikkje er dimensjonert for dette, må det undersøkjast om det er behov for forsterkingar. Kontrolløren som sertifiserer, må sjekke at tiltakshavaren har utført slike undersøkingar. Bygningsteknisk konsulent må om nødvendig trekkjast inn.

Tryggleik i bruk

Tryggleik i bruk (§ 7-4)

Denne paragrafen gjeld også for driftsbygningars, og dekkjer ein del ulike risikoar som også førekjem her.

Planløysing, storleik og utforming (§ 7-41)

Driftsbygningars er i relasjon til forskriftena ikkje «byggverk som er beregnet for opphold for mennesker». § 7-41 nr. 1 andre ledd er derfor ikkje aktuell.

§ 7-41 nr. 3 tek sikte på å hindre fallskadar og er såleis ei viktig forskrift for driftsbygningars, sjå Lyngtveit, T. et al. 1992: «Tiltak mot fallulykker på garden». Tekn. småskrift nr. 8/92. Forskningsparken i Ås.

Skadar frå elektriske kjelder (§ 7-44)

§ 7-44 tek for seg skadar frå elektriske kjelder og viser til *lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24. mai 1929 nr. 4* med forskrifter, der det er gjeve nærmere reglar om sikring av husdyr mot elektrisk skade via leidningsnettet. Innreiingar og drikkekar, mjølkemaskin og anna utstyr som dyr får direkte kontakt med, må isolerast elektrisk både frå det elektriske anlegget og frå jordinga av anlegget.

Vidare er det i § 7-44 gjeve eit nytt krav: «I byggverk som kan være særlig utsatt for lynnedslag, skal fare for skade på personer og dyr fra elektrisk anlegg og utstyr forebygges.» Det vert gjort ved å installere lynavleiar.

Nedfall frå byggverk (§ 7-45)

§ 7-45 krev òg sikring mot takras med snø og is «der personer kan oppholde seg». Bygningars der det går personar inn og ut eller der det er gangveg langs og heilt inntil bygningen skal sikrast mot takras.

Rørlege delar av byggverk (§ 7-46)

Denne paragrafen gjeld også for driftsbygningars. Tryggleik mot drukning (§ 7-48)

§ 7-48 gjev reglar med tanke på å unngå drukningsulykker. Den gjeld mellom anna for dammar og lagertankar for husdyrgjødsel og land. Slike dammar og tankar skal utformast, utstyrast, avskjermast og brukast slik at personar, dyr eller utstyr ikkje kjem til skade. Det skal vere stige på innsida, slik at personar som måtte ha falle ned (t.d. under arbeid), kan ta seg opp att.

Merk!

I driftsbygningars i landbruksfinst det òg fleire faremoment som ikkje er nemnde i TEK. Ei viktig fare er oksygenmangel eller forgifting ved nedstiging i djupe kummar (særleg pressaftkummar), vertikale siloar, gjødselkjellarar eller landkummar, om dei ikkje er ventilerte med frisk luft på ein fullgod måte på førehand. Siloar skal utstyrast med eiga vifte som skal brukast for å fjerne farlege gassar nede i siloen før personar går ned.

Det er vidare fare for forgifting med hydrogensulfid når det går føre seg pumping eller omrøyring i blautgjødsel. Farlege opphaldsstader er inne i dyrerom, i nærleiken av pumpa eller i nærleiken av tappe-/påfyllingsopning for flytande husdyrgjødsel. Det kan òg vere farleg å opphalde seg andre stader der det finst høve til å puste inn luft som har vore i overflatekontakt med omrøyrt blautgjødsel. På stader der slike arbeid normalt vert utførte, skal det monterast gul varseltrekant med åtvarande tekst. Ein lyt òg ta høgde for forgifting av dyr som er inne medan arbeida går føre seg.

Men: Ingen personar må gå inn i rom for å redde dyr før all omrøyring er stoppa og rommet er godt ventilert. Jf. også omtale av § 8-34 nr. 1.

Ein skal og vera varsam ved töming av kornsiloar eller bingar. Når töming skjer frå botnen, vert det innvendig nedoverretta straumar i kornmassen som oppfører som væske. Personar som går på slikt korn, vil søkkje ned i kornet, følgje straumen og raskt miste livet grunna surstoffmangel. Vert kornet skrudd ut frå botn og det ikkje renn ned av seg sjølv kan årsaka vera at det har danna seg ei skorpe på toppen. Denne skorpa må ein ikkje gå på då ho brått kan gje etter og resultatet kan verta at ein vert kvelt av korn som rasar ned.

Miljø og helse (kap. VIII)

Dette kapitlet i TEK er i hovudsak skrive med tanke på bygningars der det oppheld seg folk, og som vert varma opp med tilført energi. Forskriftene i kapitlet må brukast med fornuft. Ikkje alle er like aktuelle, men § 8-1 gjeld for driftsbygningars.

Energibruk

Energibruk (§ 8-2)

«Byggverk skal utførest slik at det fremmer lavt energi- og effektbehov», og det er all

grunn til å tru at Stortinget meiner det skal vere eit mål også for landbruksbygningar. Men dei kriteria som er gjeve i teksten vidare i TEK må bytast ut med meir relevante forskrifter for å tene dette målet i bygningar for dyr og planter. Energiforbruket skal sjåast i samanheng med eit tilfredsstillande inneklima, der ein tek omsyn til dyra sine behov.

Rammer for energibruk som er fastsette i kap. VIII i forskrifta, gjeld berre for bygningar og rom som vert haldne oppvarma med tilført energi, til dømes oppvarma kontor (altså ikkje for husdyrrom utan varmeanlegg).

§ 8-21 tab. 1 i rettleiing til TEK inneheld ikkje koeffisientar for landbruksbygningar. I staden kan ein for husdyrrom nytte pårekna årsforbruk av energi til oppvarming og ventilasjon (jf. Jeksrud, W. 1997: «Varmebalanse i husdyrrom (dataprogram m/veiledning)». Institutt for tekniske fag). Energiforbruket bør ikkje overskride desse verdiane, gjeve i kWh per dyrepllass per år:

Dyreslag:	Mjølkekyr	Ungdyr	Avlspurker	Slaktegris	Verpehøner	Slaktekyllingar	Sau
	200	50	600	30	2	8	0

Energi og effekt (§ 8-21)

For å oppnå samsvar med intensjonane i § 8-2 kan ein gå fram på denne måten:

- a) Til uisolerte husdyrrom, lager o.l. som ikkje vert haldne oppvarma, vert det ikkje stilt nokon krav. Det er ikkje noko i vegen for å byggje uisolerte hus for pelsdyr, sauver, storfe eller andre dyr som kan få eit tilfredsstillande klima i slike bygningar i forhold til dei behova dei har.
- b) Til isolerte husdyrrom som vert haldne oppvarma meir eller mindre ved hjelp av dyra sin eigen varmeproduksjon, bør det veljast eit isolasjonsnivå som gjer at summen av den energien som går med til tilleggsoppvarming, og den energien som går med til drift av ventilasjonsutstyret, vert minst mogleg på årsbasis.
- c) Lagerrom for planteprodukt som skal lagrast ved definerte temperatur- og fuktforhold, bør isolerast til eit slikt nivå at energibehovet til ventilasjon, kjøling, oppvarming og fukting vert minst mogleg samla over året.
- d) Energiforbruket i veksthus vert rekna som prosessenergi, og det vert her ikkje stilt krav til energiforbruket. Det vert heller ikkje stilt krav om varmeisolering i veksthus. Veksthus for heilårsdrift bør utførast med to- eller fleirsjiks veger og tak, og med ventilasjonssystem som nyttar oppdrift og vind som drivkraft for luftskiftet. Til veksthus utan varmeanlegg for bruk i sommarhalvåret vert det ikkje stilt noko krav til motstand mot varmetap.

e) For andre rom som vert haldne oppvarma, gjeld forskriftene i forskrifa slik dei står. Det er høve til å ta omsyn til effekten av utstyr som gjev frå seg varme (t.d. varme frå kondensatoren på ein mjølketank), og til reduserte innetemperaturar i rom som berre vert frostsikra eller varma opp ein sjeldan gong.

Tettleik (§ 8-22)

Denne forskrifta gjeld for driftsbygningar.

I pustande konstruksjonar, til dømes pustande himling som samtidig fungerer som luftinntak i rommet, bør det vere jamn luftmotstand for å sikre jamn luftfordeling og unngå trekkfull ventilasjon.

Kravet om å unngå luftlekkasjar som fører til utfelling av fukt og dermed skade inne i konstruksjonane, må praktiserast strengt i husdyrrom og lager for plantar. Grunnen er dei svært høge verdiane for relativt fuktinhald (RF) i lufta inne vinterstid, ofte 80100 %. Det må derfor ikkje nyttast overtrykksventilasjon. Balansert ventilasjon med sikring mot overtrykk førekjem òg.

Energi- og miljøvennlege materiale (§ 8-23)

§ 8-23 gjev høve til å bruke noko meir energi til drift dersom det totale energiforbruket i livssyklusen til huset likevel er akseptabelt. Den kan kanskje også brukast ved oppføring av bygning av alternative naturmateriale, som halm, stampejord e.l.

Innemiljø

Innemiljø (§ 8-3)

Paragrafen gjeld så langt ho inneber fornuftige løysingar for driftsbygningar. Merk at normal husdyrproduksjon ikkje kan drivast utan at det vert ein del lukt og støy.

Dokumentasjon av innemiljø (§ 8-31)

Ved at løysingar angjeve i Ren veiledning vert lagt til grunn ved planlegging er krav til innemiljø dokumentert oppfylt. Ikkje alle krava i TEK vil vere anvendelege for driftsbygningar. Ein må derfor trekke ut dei vedtaka i TEK som passar for driftsbygningar. Alternativ til å bruke Ren veiledning som grunnlag for presisering, kan vere å bruke godkjent litteratur som eksisterer på området og vise til dette som grunnlag. jf. CIGR 1984: Report of WG on Climatization of Animal Houses. Scottish Farm Building Investigation Unit, Aberdeen. ISBN 0 902433 33 4 og Lilleng, H.

1986: «Grunnlag for beregning av luftskifte og varme, fukt- og gassbalanse i husdyrrom». Informasjon nr. 12/86, Statens fagjeneste for landbruket (SFFL), Ås.

Luftkvalitet (§ 8-32)

Denne forskrifta passar ikkje for driftsbygningar i landbruket. Følgjande CIGR-tilråding for maksimale gasskonsentrasjonar i husdyrrom bør nyttast:

Gass	Maks. konsentrasjon	Merknad
	ppm	
CO ₂	3000	
NH ₃	20	Middelverdi i oppholdssona for dyr
H ₂ S	0,5	Mellombels 5 ppm ved utgjødsling
CO	10	Ved oppvarming med gassbrennarar

Lufta inneheld òg mykje støv i ein del typar husdyrrom, særleg i rom for svin og fjørfe. Kravet til arbeidsplassar i Noreg er at det ikkje skal vere over 5 mg/m³ med totalstøv. For dyr vert det i Noreg og dei fleste andre land ikkje stilt nokon krav, men Sverige har eit krav på 10 mg/m³ (jfr. CIGR 1994: «Aerial Environment in Animal Housing». WG Report series 94.1. CEMAGREF, Rennes. ISBN 2-85363-377-7). Når det gjeld tiltak, sjå under merknaden til § 8-34.

Ureiningar (§ 8-33)

Nr. 1 andre ledd om vern mot innetrenging av radon og fukt må berre nyttast for rom der krava har relevans. For radon vert det faste opphalds- eller arbeidsrom med låg ventilasjonsfrekvens, noko som sjeldan er aktuelt i denne samanhengen.

For fukt vert det golv på grunnen som skal vere tørt, og forskrifta gjeld såleis ikkje for gjødselkjellar, jordkjellar for lagring av grønsaker, våtrom e.l. der kapillær fukt anten ikkje skader eller til og med er ønskt. Vasslekkasjar utanfrå må ein alltid unngå med sikker drenering og val av rett konstruksjon.

Nr. 2 stiller krav til at bygnings- og overflatemateriale ikkje skal gje frå seg ureiningar til innelufta, denne gjeld. Når det gjeld materialbruk i mjølkerom og lager for matvarer, finst det òg krav i forskrifter med heimel i *lov om tilsyn med næringsmidler m.v. (næringsmiddellova) av 19. mai 1933*. Sjå kapittel 5.

Nr. 3 handlar om ureining frå prosessar og aktivitetar, og er svært aktuell. Mellom anna må anlegg for tørking og behandling av korn og frø utformanast slik at støvet i hovudsak vert ført bort frå bygningen og brukarane av denne. Innkapsling og punktavtak kan vere effektivt. Det er likevel upraktisk med innkapsling eller punktavtak i samband med einskilddyr. Sjå under § 8-34 om ventilasjon av rom for dyr.

Nr. 4 stiller krav når det gjeld radon. Kravet gjeld for rom der folk oppheld seg i lengre tid (t.d. bustadhús og kontor). Ein reknar ikkje med at forskrifta er aktuell for

driftsbygningar i landbruket, fordi folk som oftast ikkje oppheld seg over så lang tid i slike bygningar, samtidig som ventilasjonsfrekvensen som regel er høg .

Ventilasjon (§ 8-34)


Nr. 1 gjeld for driftsbygningar i landbruket, og forskrifta gjev heimel for å stille krav til ventilasjon også i rom for dyr. Nr. 2 og 3 vil i dei fleste tilfella ikkje vere aktuelle.

Det skal sikrast eit minste luftskifte for å unngå därleg luftkvalitet og kondensdanning på konstruksjonar vinterstid.

Kriteria for tilfredsstillande ventilasjon i rom for dyr er:

Ved minste ventilasjon om vinteren skal desse to krava vere oppfylte:

- RF i romlufta bør ligge innanfor det området som er vist på figuren.
- CO₂-konsentrasjonen i innelufta bør ikkje vere høgare enn 3000 ppm.



Ønskt forhold mellom lufttemperatur og relativt fuktinhald i lufta i husdyrrom:

For dyr som vert haldne inne om sommaren, skal ventilasjonsanlegget sikre at innetemperaturen stig maksimalt 3 °C over utetemperaturen.

Rom for fjørfe og svin med høg dyretettleik skal ha naudventilasjon som vert sett i drift, og alarm som vert utløyst dersom det mekaniske ventilasjonsanlegget sviktar. Jf. forskrifter for svin og burhøns med heimel i lov om dyrevern (dyrevernlova) av 20. desember 1974 nr. 73.

I størstedelen av driftstida skal ventilasjonsanlegget føre bort overskotsvarme frå dyrerommet og samtidig gje god luftkvalitet. For å oppnå dette må

ventilasjonsanlegget enkelt kunne regulerast etter behov. Når krava ovanfor er oppfylte, vil også krava til gass-samansetjinga i lufta (sjå under § 8-32) vere oppfylte. Støvinnhaldet kan derimot framleis vere til sjenanse, særleg i hus for svin og fjørfe. Forskarar arbeider framleis med å finne fram til kostnadseffektive tiltak. Auka ventilasjonsfrekvens og ionisering av støvet hjelper lite. Det mest lovande til no er utstyr for intermittent dusjing av dyra og rommet med finfordelt vatn eller vegetabilsk olje, slik at støvet sedimenterer. Det er ikkje grunnlag for å påby bruk av slikt utstyr med mindre målingar dokumenterer at støvinnhaldet er høgare enn dei yrkeshygieniske grenseverdiane.

Når det gjeld lagerrom for planteprodukt (grønsaker, frukt, bær, poteter og rotfrukter samt planteskulevarer), lyt ein ta spesielle omsyn til produkta for å oppnå vellykka lagring.

Ventilasjon av veksthus vert i hovudsak utført for å regulere temperaturen, det vil seie å føre bort varmeoverskotet når det er sterkt innstråling. Men ventilasjonen er også viktig for fuktkontroll og for å tilføre ny CO₂ til fotosyntesen frå uteluften.

Lys (§ 8-35)

Rom for dyr skal ha tilfredsstillande belysning tilpassa dyrearten. Ein lyt syte for godt nok lys slik at alle arbeidsoperasjonar kan utførast på ein sikker måte. Det er viktig å ta omsyn til at somme produksjonar set spesielle krav til lysnivå, lysfarge og daglengd. Dette gjeld særleg for rom til eggproduksjon, for potetlager o.l. som må vere mørke, og for veksthus, der utviklinga av plantane vert styrt med lyset.

Termisk inneklima (§ 8-36)

Lager og produksjonslokale i driftsbygninga i landbruket kjem ikkje inn under «rom for varig opphold av mennesker». TEK stiller altså her ingen krav. Sjå forskrifter til dyrevernlova og faglitteratur om tilrådd temperatur for ulike dyreslag alt etter alder.

Rom for storfe, hest, sau, pelsdyr og vaksne svin kan i dei fleste klimasoner i Noreg gjerne utførast utan termisk isolering og med naturleg ventilasjon. Rommet skal vere tørt og trekkfritt i oppholdssona for dyra (fart i luftrørlene < 0,3 m/s).

Fukt (§ 8-37)

Krava i nr. 1 - 4 i denne forskriften er stort sett aktuelle også for driftsbygninga i landbruket.

I tillegg må det takast omsyn til at høgt fuktinhald i innelufta om vinteren og bruk av høgtrykksvaskar for reingjering av vegger og golv (husdyrrom og lager for plantar) stiller endå høgare krav til innvendige overflater og fuktsperresjikt enn det som er

vanleg i tørre lokale. Vindauge må ha skråbrett både på utsida og innsida. Utføringar som er utforma for å tolle påkjennингane, finst mellom anna i typeteikningar frå Institutt for tekniske fag ved NLH og ved landbruksavdelingane hjå fylkesmennene.

Uisolerte rom for husdyr må ha ekstra god ventilasjon for at ein skal unngå kondensering og for mykje fukt innvendig. Tilstrekkeleg store veggareal over opphaldssona for dyra skal utførast med til dømes sprekkpanel, vindsperreduk eller tilsvarande open kledning, og det skal vere open ventilasjonsspalte i mønet for avtrekk.

Breidda av mønespalta skal tilpassast breidda på bygningen og ventilasjonsbehovet. Spalta bør avsluttast nokre meter frå kvar gavl ende for å redusere inndriv av snø når vinden blæs på langs av mønet. Tak- og himlingsmateriala må tolle periodisk oppfukting, det vil seie klimaklasse 3 i NS 3470.

Lydforhold og vibrasjonar (§ 8-4)

Det vert ikkje stilt krav til vern av driftsbygninga mot støy utanfrå. Mange forsøk viser at dyr reagerer lite på lyd som dei er vane med.

Det vert heller ikkje stilt krav til lydisolasjon mellom rom i driftsbygninga.

Vern mot støy (§ 8-42)

Nr. 2 - 4 og 6 passar ikkje for driftsbygninga. *Forskrift om støy på arbeidsplassen av 22. juni 1993 nr. 787* gjeld derimot.

Nr. 5 handlar om støy frå tekniske installasjonar, passar og er ei viktig bestemming.

Ein bør velje støysvake ventilasjonsvifter, og dei bør plasserast slik at lyden vert ført vekk frå bustadhús og opphaldsareal ute. Vifter for tørker bør byggjast inn slik at inntakskanalen og lyden vender oppover til friluft eller bort frå busetnad. Med vanleg brukte tørkevifter er det elles vanskeleg å oppfylle kravet om maksimalt 40 dB(A) lydnivå (jf. NS 8175) utanfor busetnad, om ikkje vifta ligg langt borte eller er skjerma av skog eller åsar. Bruk av lydfeller er ei relativt dyr løysing.

Vern mot vibrasjonar (§ 8-43)

Denne vert ikkje rekna for å vere aktuell.

Ytre miljø

Ytre miljø (§ 8-5)

Denne er relevant og viktig, ettersom driftsbygninga og verksemda i slike bygninga kan gje emisjonar både til luft, vatn og jord.

Energiforhold (§ 8-51)

Andre ledd om tilknytingsplikt til fjernvarmeanlegg gjeld òg for landbruksbygningar. Men driftsbygningar kjem oftast ikkje inn under konsesjonsområdet for fjernvarmeanlegg, ettersom slike anlegg i første rekkje er aktuelle i tettbygde område, der det er eit stort varmebehov knytt til eit leidningsnett med avgrensa utstrekning.

Avgrensing av utslepp (§ 8-52)

Avtrekksvifter og opningar for ventilasjonsluft frå husdyrrom bør helst plasserast slik at ulempa for nærliggjande buområde og oppholdsareal ute vert avgrensa. Å reinse brukt luft frå husdyrrom er vanskeleg og kostbart, så normalt er det avstand og fortynning som er aktuelle verkemiddel.

For avløp frå surfôrsiloar og for husdyrgjødsellager finst det eigne forskrifter, sjå *forskrift om husdyrgjødsel av 2. november 2002 nr. 337*. Avløp frå toalett i bygning for husdyrhald kan førast til gjødsellageret. Prinsippet er at alt skal takast vare på i tett lager for å bli spreidd på areal for plantedyrking like før, eller i veksttida for plantane. Pressaft frå siloar kan også nyttast som dyrefôr. Det finst òg eigne forskrifter for halmlutingsanlegg og for separate avløpsanlegg.

Overvatn frå små uteareal for husdyr (gangvegar o.l., men ikkje beiteareal) skal anten førast til tett lagerplass eller fordelast på terrengoverflata. Takvatn frå bygningar bør førast bort utan kontakt med areal der det er gjødsel eller urin. Det vil seie takrenner og nedløp til lukka grøft for takflater inntil utearealet.

Avløpsvatn frå rom for mjølkestell bør primært førast til infiltrasjonsgrøft, men kan òg førast til tett husdyrgjødsellager eller annan godkjend avløpsleidning. Vaskevatin frå avdelinga der mjølkinga går føre seg, bør gå til gjødsellageret. Sluk frå vaskeplass for traktor, bilar og reiskapar bør utstyrast med sandfang og oljeutskiljar, og vatnet bør leiast bort til infiltrasjon i terrenget.

Drift, vedlikehald og reinhald

Drift, vedlikehald og reinhald (§ 8-6)

Det vert normalt ikkje kravd skriftleg instruks om igangsetjing, drift og vedlikehald av driftsbygningar i landbruket. Men det bør følgje med monterings-, igangsetjings- og driftsrettleiing for teknisk kompliserte installasjonar, som automatiske fôringsanlegg og klimaanlegg for husdyrrom, veksthus, kjøle- og fryselaiger o.l.

Drift (§ 8-61)

§ 8-61 passar ikkje for driftsbygningar.

Vedlikehald (§ 8-62). Høve til reinhald og reingjering (§ 8-63)

§ 8-62 og § 8-63 er relevante og viktige. Men rettleiinga til TEK må på desse punkta lesast med forstand for ikkje å bli heilt villeande for driftsbygningar i landbruket. Skriftlege instruksar og planar for drift og reingjering, sentralstøvsugar osv. er langt utanfor realitetane si verd i praktisk landbruk. Effektive tiltak mot støv i romlufta er det derimot stort behov for. Sjå merknadene til §§ 8-32 og 8-34.

Installasjonar (kap. IX)

Kapitlet er viktig også for driftsbygningar i landbruket, og for dei installasjonane som finst der. Desse installasjonane finn vi sjeldan eller aldri: varmeanlegg knytt til fjernvarme (§ 9-23), sentralvarmeanlegg (§9-24), heis, trappeheis og rulletrapp (§ 9-63). Andre installasjonar finst, men er annleis utforma for å dekkje behova i landbruket på beste og billigaste måte, til dømes ventilasjonsanlegg, lyfteinnretningar og heis for persontransport i surforsilo. Sjå nærmare nedanfor.

Varmeanlegg

Kapitlet gjeld generelt med omsyn til energiøkonomisering og tryggleik.

Fyringsanlegg (§ 9-21)

Fyringsanlegg vert grundig behandla i rettleiinga «Fyringsanlegg for flytende og gassformig brensel» frå DBE.

Varmluftsaggregat skal normalt plasserast i fyrrom, som skal utførast som eiga branncelle. Når det gjeld dei branncelleavgrensande konstruksjonane, viser vi til TEK.

I visse lokale bør ein likevel kunne stille opp varmluftsaggregat utan krav om eiga fyrrom, men ikkje i lokale der det vert behandla eller lagra brannfarleg væske, der det vert lagra større mengder brennbart materiale, eller i støvfylte rom.

I dei tilfella der det ikkje vert stilt krav om fyrrom, bør det frigjerast ein tryggingsavstand rundt aggregatet på minst 0,5 m. Det frigjorde arealet bør ha ei avskjerming av ikkje-brennbart materiale mot resten av lokalet i ei høgd på minst 1 m.

I veksthus som ikkje er opne for publikum, treng eit fyrrom ikkje vere utført som eiga branncelle. Kravet til branncelleavgrensande konstruksjonar vil vere avhengig av den innfyrte effekten på fyrkjelar, brannklassa til bygningen og lagringsvolumet.

Ein varmluftskanal som vert ført gjennom ein branncelleavgrensande bygningsdel, må

ikkje svekkje brannmotstanden til konstruksjonen.

Plassering av tank, fat og gassbeholdar

Oljetankar og oljefat som vert stilte opp i det fri, skal plasserast med ein avstand på minst 5 m til trevegg, særleg brennbar bygning, brennbart opplag og eventuelle tennkjelder. Ved lagring av meir enn 3000 l olje skal avstanden aukast avhengig av den lagra mengda.

Oljetank eller fat av stål som er i bruk for tilførsel av brensel til oljefyrt varmluftsaggregat eller dieseldrive vifteaggregat, kan plasserast med ein avstand på minst 1 m frå aggregate

Tilsetjing av varmluft til kaldluftstørke

Varmluftskanalen skal vere forsvarleg festa slik at han ikkje kan forskyvast, og mellom munningen på varmluftskanalen og innsugingsopninga i kaldluftstørka skal det vere minst 150 mm fri avstand. Innsugingsopninga i kaldluftstørka og munningen på varmluftskanalen bør vernast av vindskjerm av ikkje-brennbart materiale. Vegg innanfor vindskjermen skal vere verna av ikkje-brennbart materiale.

Kaldluftsvifte og varmluftsaggregat skal vere kopla slik at varmluftsaggregatet ikkje kan startast før kaldluftsvifta er i drift. Varmluftsaggregatet skal stoppast automatisk når kaldluftsvifta stoppar.

Elles gjeld vanlege retningslinjer for bruk av varmluftsaggregat.

Sløkkjereiskapar

Til kvart tørkeanlegg skal det skaffast minst eitt handsløkkjeapparat (6 kg pulver).

Ventilasjonsanlegg

Utføring av ventilasjonsanlegg (§ 9-31)

Nr. 1 (kanalar o.a.) og 2 (lufterør frå spillvassleidning) passar for driftsbygningar. Dei andre reglane i § 9-31 er ikkje aktuelle eller dei er oppattakingar frå § 8-6.

Kuldeanlegg, varmepumper o.a. (§§ 9-41 og 9-42)

Desse paragrafane gjeld.

Sanitæranlegg

Forskriftene om sanitæranlegg, vassforsyning og avløp i §§ 9-5, 9-51 og 9-52 gjeld.

Lyfteinnretningar

Virkeområde for reglar om lyfteinnretningar (§ 9-61)

Denne slår fast at silotaljar, traverskraner o.l. i landbruksbygningars skal behandlast av Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljølova, og dei kjem såleis ikkje inn under TEK. Det inneber at §§ 9-61, 9-62 og 9-63 ikkje gjeld for lyfteinnretningar i driftsbygningars med mindre innretninga er tenkt nytta til persontransport. Heller ikkje personheis til bruk ved arbeid i vertikal silo, som er tilkomst til ein spesiell arbeidsplass, kjem inn under § 9-61.

Elektriske installasjonar (§ 9-7)

Denne viser berre til lov og forskrifter om tilsyn med elektriske anlegg. Ver merksam på dei spesielle krava om jording som gjeld i rom for husdyr for at ein skal unngå elektrisk skade på dyr. Jf. merknadene til § 7-44 (skadar frå elektriske kjelder).

Brukseigenskapar (kap. X)

Kapitlet inneheld reglar som krev at ein bygning har ei funksjonell planløysing og innretning, jf. § 10-1 («Generelle krav til brukbarhet») og § 10-31 («Planløsning og størrelse») første og andre punktum. Det er liten tvil om at desse krava passar og skal oppfyllast også for driftsbygningars i landbruket. Detaljeringa av krava i kapitlet er i hovudsak utforma for bustadhús og bygningars i bymessige strøk. Det meste av detaljkrava passar derfor ikkje, sjå nedanfor.

Reglane legg stor vekt på at både tilkomst, parkeringsplass, kommunikasjonsvegar og arbeidsplassar inne i bygningen skal vere lagde til rette for orienterings- og rørslehemma, jf. §§ 10-1 («Generelle krav til brukbarhet»), 10-2 («Generelle krav til utearealer»), 10-21 («Atdokst til bygning»), 10-31 («Planløsning og størrelse») nr. 2 og 3, 10-32 («Toaletter, garderobe m.v.»), 10-37 («Bevegelige bygningsdeler»), 10-5 («Generelle krav til kommunikasjonsveier») osv. Driftsbygningars i landbruket er normalt arbeidsplass berre for éin eller to personar (som regel eigar og familiemedlemmer), og som regel berre delar av arbeidsdagen. Det er tvilsamt om desse bygningane er å rekne som «arbeidsbygningars» slik desse er definerte i TEK. § 13 nr. 1 i *arbeidsmiljølova* gjeld tilgjenge til arbeidsplassar og vert ikkje gjort gjeldande for arbeidsgjevarar og einmannsbedrifter.

Uteareal

Generelle krav til uteareal (§ 10-2). Tilkomst til bygning § (10-21)

Desse passar ikkje for driftsbygningar, men gjeld for våningshuset på garden.

Planløysing

Planløysing og storleik (§ 10-31)

Dei generelle krava i nr. 1 i denne forskrifta gjeld fullt ut. Nr. 2 og 3 passar derimot ikkje. Landbruksbygningar er produksjonslokale for heilt spesielle formål, der omsynet til utforminga av arbeidsplassen berre er eitt av dei krava som må oppfyllast.

Toalett, garderobe osv. (§ 10-32)

Det passar ikkje å stille krav om toalett i alle typar driftsbygningar (t.d. reiskapshus og potetlager), og slett ikkje å stille krav om fleire toalett for bygningar som oftast er arbeidsplass for berre éin person. I bygningar for husdyrproduksjon er det oftast så lang arbeidstid per dag at det er praktisk med eit toalett i bygningen. Avløp kan føra til lageret for husdyrgjødsel, sjå merknad til § 8-52. Det vert ikkje kravd toalett i fjøs eller stall for relativt få dyr. Tilgang til toalett i våningshuset eller utedo er ei løysing som kan godtakast.

Lysforhold og utsyn (§ 10-33)

Reglane i § 10-33 om lysforhold er aktuelle for driftsbygningar. Derimot er ikkje reglane om utsyn aktuelle i alle tilfelle. Vindauge som gjev utsyn skal finnast i rom der det vert utført arbeidsoppgåver som tek tid, og der vindauga ikkje fører til ulempe for dei andre funksjonane lokalet skal fylle. Dei fleste husdyrrrom vert derfor bygde med vindauge, plasserte utanfor rekkjevidd for dyra. Unntak gjeld rom for verpehøner (og rom for andre fjørfeproduksjonar som vert styrte av lyset), ettersom lysdagen for hønene vert gjord uavhengig av årstida ute ved hjelp av elektrisk lys.

Buer og oppbevaringsplass (§ 10-34). Kjeldesortering og oppbevaring av avfall (§ 1035)

Reglane er ikkje aktuelle.

Fast innreiing (§ 10-36)

Første ledd passar.

Rørlege bygningsdelar (§ 10-37)

§ 10-37 passar. Dører i driftsbygninga skal som regel tillate trafikk med trillebår eller anna transportmiddel og gje plass for flytting og rømming av dyr, og dei vil då gje nok plass for rullestol òg.

Tekniske hjelpemiddel

Krava i §§ 10-41, 10-42 og 10-43 om heis, teleslyngje, manøverknappar og skilt passar ikkje.

Kommunikasjonsvegar



§§ 10-5 til 10-52 passar også for kommunikasjonsvegar i landbruksbygninga. Tilpassing for rørslehemma vert stilt som krav berre i bygninga som vert lagt til rette for dette. Slike tilpassingar kan gjerast frivillig også elles, og bør gjerast der kostnadene er små.

Beredskapsomsyn

Reglane om beredskapsomsyn er viktige også for mange driftsbygninga. § 10-62 om skorstein i bustadhus passar ikkje. Derimot er mange driftsbygninga heilt avhengige av elektrisitetsforsyning for mellom anna drift av ventilasjonsanlegg, mjølkemaskin og kjøleanlegg for matvarer. Behovet for reserveaggregat for å sikre elektrisitetsforsyning bør vurderast i samarbeid med E-verk og forsikringsselskap.

Det vert ikke stilt krav om tilfluktsrom i driftsbygninga i landbruket.

Kapittel 5 Andre lover og forskrifter

Tiltakshavar er ansvarleg for at det tiltaket som vert utført, også er i samsvar med anna regelverk enn plan- og bygningslovgjevinga. Her er ei kortfatta oversikt over dei viktigaste lovene og forskriftene som kan vere relevante i samband med oppføring av driftsbygningar i landbruket, og som det av den grunn er viktig å ha ein viss kjennskap til.

Lov om arbeidervern og arbeidsmiljø m.v. (arbeidsmiljølova) av 4. februar 1977 nr. 4

Arbeidsmiljølova vart gjort gjeldande for landbruket frå 1. juli 1986. Men driftsbygningar i landbruket kjem ikkje inn under § 19 i lova. Det vert såleis ikkje kravd førehandssamtykke frå Arbeidstilsynet ved oppføring eller endring av landbruksbygningar. Føresetnaden for denne ordninga er at dei bygningstekniske krava i TEK som gjeld omsyn til arbeidsmiljøet, er oppfylte.

Forskrift nr. 745 av 21. mars 1986 til arbeidsmiljølova om arbeidsmiljølovens anvendelse på virksomhet i landbruk som ikke sysselsetter arbeidstaker er meir detaljert enn TEK med omsyn til kva krav som vert sette til arbeidsmiljøet i driftsbygningar. Arbeidstilsynet kan på bakgrunn av inspeksjonar når som helst gje pålegg om nødvendige tiltak for å ta vare på tryggleiken. Dette tilseier at det kan vere praktisk å kontakte Arbeidstilsynet på eit tidleg stadium i byggjefasa for å sikre seg mot uventa pålegg seinare.

Aktuelle forskrifter og rettleiingar frå Direktoratet for Arbeidstilsynet er

Forskrift om graving og avstiving av grøfter av 19. november 1985 nr. 2105

Forskrift om tekniske innretninger av 10 september 1982 nr. 1377

Forskrift om arbeidsmiljølovens anvendelse på virksomhet i jordbruk og skogbruk som ikke

sysselsetter arbeidstaker av 21. mars 1986 nr. 745

Forskrift om asbest av 16. august 1991 nr. 600

Forskrift om stillaser, stiger og arbeid på tak m.m. av 14. april 1989 nr. 335

Forskrift om maskiner av 19. august 1994 nr. 820

Forskrift om bruk av personlig verneutstyr på arbeidsplassen av 24. mai 1993 nr. 1425

Forskrift om sikkerhetsskilting og signalgivning på arbeidsplassen av 6. november 1994 nr. 972

Forskrift om arbeidsplasser og arbeidslokaler av 16. februar 1995 nr. 170

Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser (byggherreforskriften)» av 21.

april 1995 nr. 377

Forskrift om bruk av arbeidsutstyr av 26. juni 1998 nr. 608

Maskinforskrifta er teken med fordi det i landbruksbygninga er uklare overgangar mellom kva som vert definert som maskin, og kva som vert definert som bygning - til dømes i ei tørke. Viktige forhold som gjeld tryggleik ved bruk, mellom anna køyrebruer, stoppkantar og pumpebrønnar, er også omhandla i desse tekniske småskriftene:

Tiltak mot fallulykker på garden. (Tekn. småskrift 8/92)

Sikkerhet ved handtering av bløtgjødsel. (Tekn. småskrift 10/95)Lov om av 14. juni 2002 om vern mot brann,

eksplosjon og ulykker med farlig

Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (Brann - og eksplosjonsvernloven)

Direktoratet for brann- og elsikkerhet (DBE) er sentral myndighet i høve til brann- og eksplosjonsvern. Ansvarsområdet omfattar brann-, eksplosjons- og eltryggleik, landtransport av farleg gods, væsker og gassar under trykk og tryggleik ved produkt og forbrukartester.

DBE er fagleg myndighet og overordna tilsynsorgan for kommunale brannvesen. Noregs brannskule er underlagt DBE.

Brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter regulerer m.a. brannvesenet sine arbeids-oppgåver i samband med tilsyn av brannobjekt. § 13 i lova og forskrift om brannføre-byggjande tiltak og tilsyn viser til at brannvesenet kan registrere driftsbygninga i landbruket med husdyrrom som særskilde brannobjekt. Særskilt brannobjekt er samfunnsviktige objekt som institusjonar, hotell, trafikktunnelar, forsamlingslokale, kraftanlegg, store lager, museer og liknande kor brann kan medføre store tap av liv, helse, viktige samfunnsfunksjonar, materielle verdiar og kulturverdiar. Desse er gjenstand for regelmessig tilsyn frå brannvesenet. Totalt er det registrert 35 700 slike objekt. Store landbruksbygninga er aktuelle å registrere som særskilde brannobjekt. Kriteria kan vere at brannvesenet vurderer konsekvensar av brann ut frå storleiken på husdyrrommet og storleik og art på buskapen.

§ 5 i lova omhandlar den enkelte si plikt til å førebyggje og avgrense skadeverknadane ved brann, eksplosjon og anna ulukke. § 6 viser til eigar sine plikter i samband med førebyggjande sikringstiltak og vedlikehald.

Lov om kulturminner (kulturminnelova) av 9. juni 1978 nr. 50

Kulturminnelova gjev heimel for kulturminnestyresmaktene til å frede byggverk, anlegg og kulturmiljø (dvs. ulike former for kulturlandskap og heilskaplege bygningsmiljø). Alle kulturminne frå før år 1537 - som gravhaugar, steingjerde, rydjingsrøyser, ståande bygningar eller restar av slike og samiske kulturminne eldre enn hundre år - er automatisk freda. I tillegg er alle erklærte, ståande byggverk med opphav frå perioden 1537 til 1649 automatisk freda. Erklæringa inneber at tidfestinga er stadfest av bygningsantikvarisk myndighet.

Dersom det på eit gardsbruk vert planlagt tiltak som kan komme i konflikt med slike kulturminne og kulturmiljø, må kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen - eller Sametinget dersom det er tale om samiske kulturminne - kontaktast. Tiltak som får verknader for freda kulturminne og kulturmiljø krev løyve frå kulturminnestyresmaktene.

Lov om dyrevern (dyrevernlova) av 20. desember 1974 nr. 73

§ 4 i dyrevernlova om «tilhaldsrom» lyder:

«Den som eig eller har i si varetekta husdyr, selskapsdyr eller dyr som er haldne i fangenskap på annan måte, skal syte for at dyret har fullt tenleg tilhaldsrom der det er stor nok plass, høveleg varmt, nok lys og tilgang på frisk luft m.v., alt etter trangen hjå det einskilde dyreslaget. Når vårlaget tillåt det, kan departementet, for visse dyreslag, gjera unntak frå plikta til å ha tilhaldsrom.»

Forskrifter til lova fastsette av Landbruksdepartementet er

- Forskrift om hestesenter av 15. juli 1978
- Forskrift om dyrepensjonat o.l av 15. juli 1978
- Forskrift om hold av høns og kalkun av 12. desember 2001
- Forskrift om hold av storfe og svin av 15. januar 1996
- Forskrift om hold av strutsefugl av 2. oktober 1998
- Forskrift om hold av pelsdyr av 20. september 1998

Forskriftene stiller minimumskrav. Reglane om bur er særleg strenge og stiller detaljerte krav til buranlegg. Det vert mellom anna stilt krav til romdimensjonar, lys, ventilasjon og varmeisolering. Det krevst òg naudventilasjon og alarm der det er mekanisk ventilasjon.

Forskrift om hold av storfe og svin § 19 krev at distriktsveterinæren skal godkjenne byggjeplanane før arbeidet vert sett i gang. Distriktsveterinæren skal også godkjenne resultatet før det vert gjeve løyve til å ta bygningen i bruk.

Forskrift om hold av storfe og svin er også heimel for «Retningslinjer for hold av storfe og svin» (gjeve ut av Statens dyrehelsetilsyn). Retningslinjene gjev tilrådde mål og krav til lys, temperatur, ventilasjon osv.

Typeteikningar og rapportar frå Institutt for tekniske fag ved NLH viser tilrådde målforhold for ei rad dyreslag.

Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhold av 13. juni 1975 nr. 46

§ 2 i denne lova lyder:

«Uten tillatelse fra departementet kan ingen etablere eller drive anlegg for ervervsmessig svine- og fjørfehold med større besetning enn det som i forskrift er fastsatt som grense for konsesjonsfri drift. Det samme gjelder utviding, gjenoppføring, restaurering, overtaking eller leie av anlegg for samme formål.

Kongen gir forskrift om grensen for konsesjonsfri drift etter første ledd».

Lova skal sikre at produksjonen er knytt til ordinært jordbruk gjennom regulering av bruksstrukturen. Med heimel i lova er det gjeve *forskrift om regulering av erhvervsmessig husdyrhold av 26. mai 1994 nr. 370*. Forskriftene fastset i §1 grenser for buskaps-storleik for konsesjonsfri drift. Rundskriv M-10/2000 frå LD gjev retningslinjer for handsaming av søknad om konsesjon for husdyrhald ut over desse grensene.

Lov om vern mot forurensning og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6

I medhald av ureiningslova er mellom anna desse forskriftene fastsette

- Forskrift om silopressaft av 1. august 1991
- Forskrift om husdyrgjødsel av 2. november 2002 nr. 337
- Forskrift om utslipp fra mindre avløpsanlegg av 12. april 2000 nr. 352
- Forskrift om utslipp av skyllevann og svartlut fra halmlutingsanlegg av 1. juli 1985 nr. 1424

Der det er rom for husdyr, er det også alltid gjødsellager. Ved nybygg, utviding eller utbetring av gjødsellager skal kommunen godkjenne planane før arbeidet kan gjennomførast. Vidare skal tiltaket vere kontrollert og godkjent av kommunen før det kan takast i bruk. Det skal leggjast drenering som skal førast til inspeksjonskum før vidare avløp. Jf. *forskrift om husdyrgjødsel* § 8.

Forskrift om husdyrgjødsel stiller krav til tettleiken til lageret, til lagringstid og til når ein kan spreie gjødsela på areala.

Veglova av 21. juni 1963 nr. 23

Veglova stiller krav om avstandar frå ein bygning til ulike slags vegar (for riksveg skal det vere 50 m og for kommunal veg 15 m). Vegstyremaktene kan gje dispensasjon

frå avstandskrava. Avkørsel frå offentleg veg må vere godkjend av vedkomande vegstyresmakt (kommunen for kommunal veg og vegkontoret for riks- og fylkesveg). Byggjegrense og avkørsler kan vere fastsette i reguleringsplan.

Desse rundskriva frå Vegdirektoratet kan vere av interesse

- 94/14 Reklame langs offentlig veg
- 95/19 Fradeling av gårdstun og sammenføyning av landarealer
- 96/15 Endringer i Veglov av 21. juni 1963
- 97/01 Private veger - vegloven kap. VII

Lov om helsetjenesten i kommunene (kommunehelsetenestelova) av 19. november 1982 nr. 66

Kommunehelsetenestelova kap. 4 A (jfr. § 7-9) heimlar framleis *forskrift om utslipp av avløpsvann* av 22. februar 1980 nr. 22*. Til denne forskrifta er det gjeve eit tillegg 3 til rundskriv Om utslipp av avløpsvann til lager for husdyrgjødsel (I-2089) av 11. august 1980 frå Statens helsetilsyn. Det vert her gjeve løyve til å setje mellom anna avløp frå WC i driftsbygning til gjødselkjellar.

* Forskrifta frå 22.febr. 1980 gjeld framleis. Den vil bli avløyst av ny rammeforskrift, men det er ikkje planar om større endring av innhaldet.

Lov om tilsyn med næringsmidler m.v. (næringsmiddellova)

av 19. mai 1933 nr. 3

Næringsmiddellova gjev heimel for mellom anna desse forskriftene:

Forskrift om produksjon og frambud av rå melk, varmebehandlet melk og melkebaserte produkter m.v er gjeve av Sosial- og helsedepartementet 30. juni 1995 nr. 636. Forskrifta stiller i § 8 krav til lokale, utstyr og vassforsyning der det vert mjølka, og der mjølk vert oppbevart, handtert eller nedkjølt. § 9 stiller krav til fjøs og mjølkerom. Mellom anna skal mjølkerommet vere skilt frå fjøset, og dyr skal aldri kome inn i mjølkerommet. Vidare vert det stilt krav til mjølkeanlegget og alt utstyr som er i kontakt med mjølk, i hovudsak hygienekrav.

Forskrift om materialer og gjenstander i kontakt med næringsmidler 21. desember 1993 nr. 1381 gjev i hovudsak reglar om materiale brukt til emballasje, men kan òg vere aktuell for innreiing og for vegg- og golvkledning i rom for lagring eller tilarbeidning av næringsmiddel. Forskrifta inneheld ei liste over plastmateriale som det er knytt avgrensingar til.

Lov om rettshøve mellom grannar (grannelova) av 16. juni 1961 nr. 15

Etter *grannelova* § 2 første ledd må ingen «ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeidet».

Når ein skal avgjere om noko er urimeleg, skal det leggjast vekt på kva som er teknisk og økonomisk mogleg å gjere for å hindre eller avgrense skaden eller ulempa (§ 2 andre ledd). Vidare skal det leggjast vekt på om det er venteleg etter tilhøva på staden, og om det er verre enn det som plar følgje av vanlege bruks- og driftsmåtar på slike stader (§ 2 tredje ledd).

Det er viktig å vere merksam på at sjølv om eit tiltak er i samsvar med plan- og bygningslova, kan det likevel vere forbode dersom det kjem i strid med reglane i *grannelova*.

Anna informasjon

1 Plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77 - Cappelen Akademisk forlag

2 Forskrift til plan- og bygningsloven om saksbehandling- og kontroll av (SAK) 22. januar 1997 nr. 34 - Norsk Byggtjeneste forlag - 2002. Denne vil bli avløyst av ny forskrift om saksbehandling og kontroll i 2003.

3 Veileitung til forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker 1997 - Norsk Byggtjeneste forlag - 2002. Denne vil bli avløyst av ny rettleiing i samband med ny forskrift.

4 Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK) av 22. januar 1997 nr. 33 - 2002

5 Ren veiledning til teknisk forskrift til plan- og bygningsloven 1997 (3. utgåve) - Norsk byggtjeneste forlag - 2002. Denne vil bli avløyst av ny rettleiing (4. utgåve) 2003.

6 Bygninger på gardsbruk - Landbruksforlaget - 1999

Ovanfor nemnde, ytterlegare informasjon om byggjereglane og planlagde endringar er å finne på: www.be.no

Innhold vedlegg

MELDINGSSKJEMA

BYGGØK	<p>Melding om tiltak etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 81, 85, 86 a, jf. forskrift av 22.1.1997 om saksbehandling og kontroll (SAK)</p> <p>Til kommune: (Melding med vedlegg fyles ut og leveres i 2 eksemplarer, ev. ekstra sett etter avtale med kommunen) Fjellby kommune 0101 Fjellby</p> <p>Stempel Bygningør, (fylles ut av kommunen) Kommunens saksnr. </p> <p>Bører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis ja, skal NBR nr. 5177 med vedlegg sendes til Arbeidstilsynet</p>																																																									
<p>Meldingen gjelder</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 15%;">Eiendom/ byggsted</td> <td>Gnr. 100</td> <td>Bnr. 100</td> <td>Festenr.</td> <td>Seksjonstr.</td> </tr> <tr> <td></td> <td colspan="2"></td> <td>Postnr. 0101</td> <td>Poststed Fjellby</td> </tr> <tr> <td style="text-align: center;">Tiltakets art SAK § 2</td> <td colspan="4"> <input checked="" type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket (jf. pbl § 81, jf. SAK § 20 nr. 1) <input type="checkbox"/> Midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner og anlegg (jf. pbl § 85, jf. SAK § 23) <input type="checkbox"/> Mindre byggearbeid på boligeiendom (jf. pbl § 86 a, jf. SAK § 20 nr. 1) </td> </tr> <tr> <td></td> <td colspan="4" style="text-align: center;">Spesifiser kort tiltakets art Oppføring av driftsbygning på eksisterende gardsbruk</td> </tr> </table>		Eiendom/ byggsted	Gnr. 100	Bnr. 100	Festenr.	Seksjonstr.				Postnr. 0101	Poststed Fjellby	Tiltakets art SAK § 2	<input checked="" type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket (jf. pbl § 81, jf. SAK § 20 nr. 1) <input type="checkbox"/> Midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner og anlegg (jf. pbl § 85, jf. SAK § 23) <input type="checkbox"/> Mindre byggearbeid på boligeiendom (jf. pbl § 86 a, jf. SAK § 20 nr. 1)					Spesifiser kort tiltakets art Oppføring av driftsbygning på eksisterende gardsbruk																																								
Eiendom/ byggsted	Gnr. 100	Bnr. 100	Festenr.	Seksjonstr.																																																						
			Postnr. 0101	Poststed Fjellby																																																						
Tiltakets art SAK § 2	<input checked="" type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket (jf. pbl § 81, jf. SAK § 20 nr. 1) <input type="checkbox"/> Midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner og anlegg (jf. pbl § 85, jf. SAK § 23) <input type="checkbox"/> Mindre byggearbeid på boligeiendom (jf. pbl § 86 a, jf. SAK § 20 nr. 1)																																																									
	Spesifiser kort tiltakets art Oppføring av driftsbygning på eksisterende gardsbruk																																																									
<p>Forhåndskonferanse</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td>Pbl § 93 a</td> <td>Forhåndskonferanse er avholdt <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</td> <td>Dersom ja, vedlegg referat Vedlegg nr. E -</td> </tr> </table>		Pbl § 93 a	Forhåndskonferanse er avholdt <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Dersom ja, vedlegg referat Vedlegg nr. E -																																																						
Pbl § 93 a	Forhåndskonferanse er avholdt <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Dersom ja, vedlegg referat Vedlegg nr. E -																																																								
<p>Estetikk</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td>Pbl § 74, 2. ledd, SAK § 21 nr. 1 e</td> <td>Estetisk utforming og forholdet til omgivelsene. Vedlegg nr. E -</td> </tr> </table>		Pbl § 74, 2. ledd, SAK § 21 nr. 1 e	Estetisk utforming og forholdet til omgivelsene. Vedlegg nr. E -																																																							
Pbl § 74, 2. ledd, SAK § 21 nr. 1 e	Estetisk utforming og forholdet til omgivelsene. Vedlegg nr. E -																																																									
<p>Arealdisponering</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td rowspan="2" style="width: 15%; vertical-align: top;">Planstatus</td> <td><input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan</td> <td><input type="checkbox"/> Reguleringsplan</td> <td><input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan</td> <td>Sett kryss for eksisterende plan</td> </tr> <tr> <td colspan="3">Spesifiser nærmere Kommuneplan for Fjellby kommune, vedteke januar 2001 Reguleringsområd i arealdet av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv</td> <td>Tillett grad av utnyttig</td> </tr> <tr> <td rowspan="2" style="vertical-align: top;">Oppmålt tomt</td> <td><input type="checkbox"/> Eiendomen er lagt ut til INF-område i kommuneplanen</td> <td colspan="3"></td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Beregningsregler i reguleringsplan</td> <td><input type="checkbox"/> Prosent bebygd areal (% BYA)</td> <td><input type="checkbox"/> Tillatt bruksareal (T-BRA m²)</td> <td><input type="checkbox"/> Annet</td> </tr> <tr> <td></td> <td><input type="checkbox"/> Prosent tomteutnyttelse (% TU)</td> <td colspan="3"></td> </tr> <tr> <td></td> <td><input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</td> <td colspan="3">Tomteareal 600000.00</td> </tr> <tr> <td rowspan="2" style="vertical-align: top;">Bebyg- gelsen; størrelse og grad av utnyttig</td> <td>Antall etasjer (TEK § 4-1)</td> <td>Eldre bebyggelse</td> <td>Ny bebyggelse</td> <td>Sum</td> </tr> <tr> <td>Bruksareal (NS 3940 eller TEK § 3-5)</td> <td>0</td> <td>2</td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Bruttoareal (NS 3940)</td> <td>0 m²</td> <td>970 m²</td> <td>970 m²</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>0 m²</td> <td>1130 m²</td> <td>1130 m²</td> </tr> <tr> <td></td> <td colspan="3" style="text-align: right;">Beregnet grad av utnyttig som følge av tiltaket</td> <td>0.00</td> </tr> <tr> <td></td> <td colspan="4" style="text-align: center;">Vis beregning av grad av utnyttig</td> </tr> </table>		Planstatus	<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan	Sett kryss for eksisterende plan	Spesifiser nærmere Kommuneplan for Fjellby kommune, vedteke januar 2001 Reguleringsområd i arealdet av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv			Tillett grad av utnyttig	Oppmålt tomt	<input type="checkbox"/> Eiendomen er lagt ut til INF-område i kommuneplanen				<input type="checkbox"/> Beregningsregler i reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Prosent bebygd areal (% BYA)	<input type="checkbox"/> Tillatt bruksareal (T-BRA m ²)	<input type="checkbox"/> Annet		<input type="checkbox"/> Prosent tomteutnyttelse (% TU)					<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Tomteareal 600000.00			Bebyg- gelsen; størrelse og grad av utnyttig	Antall etasjer (TEK § 4-1)	Eldre bebyggelse	Ny bebyggelse	Sum	Bruksareal (NS 3940 eller TEK § 3-5)	0	2	<input type="checkbox"/>		Bruttoareal (NS 3940)	0 m ²	970 m ²	970 m ²			0 m ²	1130 m ²	1130 m ²		Beregnet grad av utnyttig som følge av tiltaket			0.00		Vis beregning av grad av utnyttig			
Planstatus	<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan	Sett kryss for eksisterende plan																																																					
	Spesifiser nærmere Kommuneplan for Fjellby kommune, vedteke januar 2001 Reguleringsområd i arealdet av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv			Tillett grad av utnyttig																																																						
Oppmålt tomt	<input type="checkbox"/> Eiendomen er lagt ut til INF-område i kommuneplanen																																																									
	<input type="checkbox"/> Beregningsregler i reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Prosent bebygd areal (% BYA)	<input type="checkbox"/> Tillatt bruksareal (T-BRA m ²)	<input type="checkbox"/> Annet																																																						
	<input type="checkbox"/> Prosent tomteutnyttelse (% TU)																																																									
	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Tomteareal 600000.00																																																								
Bebyg- gelsen; størrelse og grad av utnyttig	Antall etasjer (TEK § 4-1)	Eldre bebyggelse	Ny bebyggelse	Sum																																																						
	Bruksareal (NS 3940 eller TEK § 3-5)	0	2	<input type="checkbox"/>																																																						
	Bruttoareal (NS 3940)	0 m ²	970 m ²	970 m ²																																																						
		0 m ²	1130 m ²	1130 m ²																																																						
	Beregnet grad av utnyttig som følge av tiltaket			0.00																																																						
	Vis beregning av grad av utnyttig																																																									

2				
Arealdisponering (forts.)				
Avstand	Minste avstand fra den planlagte bygning til:	Nabogrense 5,0	Vegmidte 5,2	
	Går det heyspent kraftlinje/kabel i, over eller i nærheten av tomta?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja Avstand 2,0 m	<input type="checkbox"/> Nei	
	Går det priv./off. vann- og avløpsledning i eller i nærheten av tomta?	<input type="checkbox"/> Ja Avstand 0 m	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	
Dersom det går slik kraftlinje/kabel/ledninger i, over eller i nærheten av tomta, må tiltaket det her meldes om være avklart med berørte myndigheter/rettighetsråvare Vedlegg nr 1 =				
Tilknytning til veg og ledningsnett				
Adkomst vegloven, pbl §§ 66, 67	Gir tiltaket endrede/ nye avkjøringsforhold?	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig fordel:		
	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Riksveg/fylkesveg <input type="checkbox"/>	Er avkjøringstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg <input type="checkbox"/> Privat veg	Er avkjøringstillatelse gitt? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Vann- forsyning pbl §§ 65, 67	Tilknytning i forhold til tomta			
	<input type="checkbox"/> Offentlig vannverk			
	<input checked="" type="checkbox"/> Privat vannverk <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann	Beskriv		
Dersom vanntilførsel krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei				
Avløp pbl §§ 66, 67	Tilknytning i forhold til tomta			
	<input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg			
	<input checked="" type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg	Skal det installeres vannklosett? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Foreligger utslippsstillatelse? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Dersom avløpsanlegg krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei				
Overvann	Takvann/overvann føres til:	<input type="checkbox"/> Avløpssystem	<input checked="" type="checkbox"/> Terregn	
Kommunale opplysninger (fyller ut av kommunen)				
Senterpunkt for tiltaket	Kartblad (hvis oppgit på situasjonskart):	Koordinatsystem (hvis oppgit på situasjonskart):	Senterpunkt angitt ved	
		X-koordinat:	Y-koordinat:	
Koder	Næringsgruppekode	Bygningsgruppekode		
Vedlegg				
Beskrivelse av vedlegg		Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Dispensasjonssekner		B	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel – NBR nr. 5155		C	1 -	
Kart, situasjonsplan		D	1 - 2	
Redegjørelser og tegninger		E	1 - 4	
Uttalelser fra andre offentlige myndigheter		I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg		J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Erklæring og underskrift				
Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og teknisk forskrift (TEK)				
Navn Per Bonde	Telefon (dagtid) 10 11 11 10	Mobiltelefon 99 11 11 10	Ev. organisasjonsnr.	
Adresse Fjæsvegen 2		Postnr. 0101	Plassnr. Fjellby	
Epostadresse bonde@bonde.no			<input checked="" type="checkbox"/> Enkeltperson <input type="checkbox"/> Foretak/flag/sameie <input type="checkbox"/> Off. virksomhet	
Dato 20.11.2002	Underskrift	Gjentas med bokstavene PER BONDE		

© NBR nr. 5153-6-2001 Nr. 705153 Sem & Stenersen Prokom AS, Oslo -6-2001 Testutgave for BYGGSO version 1.0 Side 2 av 2

VEDLEGG TIL MELDING :

C1 - Gjenpart av nabovarsel

Gjenpart av nabovarsel for tiltak etter plan- og bygningsloven (pbl)

For nedenfornevnte eiendom er det i henhold til bestemmelserne i § 94 nr. 3 i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77, sendt følgende nabovarsel:

Til kommune:
Fjellby kommune
0101 Fjellby

Tiltak på eiendommen:			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
100	100		
Adresse:			Fjellvegen 2
Postnr.		Poststed	0101 Fjellby
Eierfester:			Per Bonde

De varsles herved om at følgende søknad/melding er sendt til kommunen:

- Tiltak som krever søknad og tillatelse etter plan- og bygningsloven, pbl § 93.
- Melding om tiltak etter plan- og bygningsloven – driftsbypgning i landbruksel, pbl § 81.
- Melding om tiltak etter plan- og bygningsloven – mindre byggearbeid på boligeiendom, pbl § 86 a.
Nabo eller gjenboer som har innvendinger mot tiltaket, kan kreve at meldingen blir behandlet som søknad. Slik krav må være kommet fram til kommunen innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.

Tiltakets art pbl § 93 (flere kryss mulig)	Nye bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Frittliggende <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg <input type="checkbox"/> Anlegg <input type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Parkeringsplass <input type="checkbox"/> Vesentlige terrenginnheng		
	Endring av bygg	<input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Vårom		
	Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift		
	Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg <input type="checkbox"/> Deler av bygg <input type="checkbox"/> Anlegg		
	Bygningstekniske installasjoner *)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Endring av boligheter	<input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Sammenføyning		
	Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.		
	Eiendomsdeling **)	<input type="checkbox"/> Deling <input type="checkbox"/> Bortfeste <input type="checkbox"/> Sammenføyning		
	Annet	- beskriv Oppføring av driftsbypgning på eksisterende gardsbruk		
		*) Gjelder kun når installasjonen. **) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Kart- og delingsforetning behandles etter delingsloven. Hjemmelsinnehaver underskriver som titshaver.		
Planlagt bruk/formål	<input checked="" type="checkbox"/> Bolig <input type="checkbox"/> Annelt. Oppføring av driftsbypgning på eksisterande gardsbruk beskriv <input type="checkbox"/> Garasje			
Størrelse ny bebyggelse	Gesimsheyde 7,0	Moneheyde 12,9	Bruksareal 970 m ²	
<input type="checkbox"/> Søknad om dispensasjon – pbl § 7 og/eller § 88	Angi nærmere hvilken regel/plan det søkes dispensasjon fra			
Filles ut ved søknad om deling eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Søknad om delingstillatelse – pbl § 93, 1. ledd h) Eiendommen skal benyttes til – beskriv			
	<input type="checkbox"/> Søknad om tillatelse til å feste bort del av eiendom (mer enn 10 år) – pbl § 93, 1. ledd h)			

Søknaden/meldingen kan sees på kommunens kontor på adresse: Fjellby kommune
0101 Fjellby

Eventuelle merknader må være kommet til kommunen innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.

Sted Dato Underskrift (titshaver eller ansvarlig søker)


20.11.2002

Kvittering for nabovarsel


Nabovarsel kan enten sendes som rekommendert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekrefstelse på at varselet er mottatt, og:
 1. Man beholder retten til å komme med innsgjølser i inntil 2 uker etter at varselet er overlevert.
 2. Man frasier seg aktivt retten til å komme med innsgjølser til tiltaket ved vakt er fattet.

Eiendom/byggested


Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Adresse
100	100			Fjæsvegen 2 0101 Fjellby
Nabo/gjenboereiendom				Nabo/gjenboereiendoms eiers/festors navn
Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Eiers/festors navn
100	101			Reidar Foss
Adresse				Adresse
Fjæsvegen 1				Fjæsvegen 2
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed
0101	Fjellby		0101	Fjellby
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
Varsel er mottatt. Jeg sam-				
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> tykker i tiltaket etter pbl § 95 b				
Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Eiers/festors navn
100	104			Arne og Mia Flatbø
Adresse				Adresse
Ulvesbakken 2				Ulvesbakken 2
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed
0101	Fjellby		0101	Fjellby
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
Varsel er mottatt. Jeg sam-				
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> tykker i tiltaket etter pbl § 95 b				
Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Eiers/festors navn
Adresse				Adresse
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
Varsel er mottatt. Jeg sam-				
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> tykker i tiltaket etter pbl § 95 b				
Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Eiers/festors navn
Adresse				Adresse
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
Varsel er mottatt. Jeg sam-				
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> tykker i tiltaket etter pbl § 95 b				
Gnr.	Bnr.	Festernr.	Seksjonsnr.	Eiers/festors navn
Adresse				Adresse
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
Varsel er mottatt. Jeg sam-				
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> tykker i tiltaket etter pbl § 95 b				
Det er dags dato innlevert rekommendert sending til ovennevnte adressater.				
Samlet antall sendinger: _____ Sign. 				




D2 - Terrengsnitt




E1 - Fasadetegningar 1+2



E2 - Fasadetegningar 3+4



E3 - Plantegning



E4 - Snitt

